

2025 – 2029

SVs arbeidsprogram

Vedteke av SVs landsmøte, 16.3.2025



Nynorsk

For dei mange – ikkje for dei få



Innholdsliste

Innleiing	4
Del 1: Hovudsatsingar for perioden 2025–2029	6
1.1 Rettferdig fordeling	6
1.2 Grøn rettferdig omstilling	7
1.3 Fleire folk i arbeid	9
1.4 Redde velferdsstaten	10
1.5 Alle skal ha ein trygg heim	12
1.6 Kraft på premissane til folket og miljøet	13
1.7 Ta havet tilbake og jorda i bruk	14
1.8 Eit løft for ungdommen	16
1.9 Bygg landet med jernbane, sjøtransport og bruksvegar	18
1.10 Fred og internasjonal solidaritet	19
Del 2:	21
2.1 Økonomisk politikk	21
2.2 Arbeid og velferd	24
2.3 Helse og omsorg	28
2.4 Familie	38
2.5 Likestilling	40
2.6 Ein rettferdig og human flyktning- og asylpolitikk	46
2.7 Oppvekst og utdanning	50
2.8 Forsking og høgare utdanning	54
2.9 Kommunal	57
2.10 Miljø	62
2.11 Transport	68
2.12 Næring	72
2.13 Kultur og idrett	80
2.14 Demokrati	83
2.15 Utanriks og utvikling	88
2.16 Forsvar og beredskap	93
2.17 Justispolitikk og rettstryggleikt	98

Innleiing

Vi står ved eit tidsskilje.

Aldri tidlegare har det vore viktigare å mobilisere for meir rettferd, meir demokrati og meir solidaritet. Vi ser antidemokratiske, fascistiske og rasistiske krefter på frammarsj. Vi ser at ytre høgre styrkar seg i aust og i vest, og interesse motsetnadene mellom stormaktene og mindre statar som Noreg har sjeldan vore meir synlege.

Vi veit at ulikskap og avmakt skaper grobotn for ytre høgre, og prosjektet vårt er å erstatte ulikskap med like moglegheiter og å erstatte avmakt med meir demokratisk deltaking.

Det er ein kamp SV er bygd på, ein kamp vi skal vinne. Og kampen er vi klare til å ta i Noreg og i verda.

I dag veks dei økonomiske skilnadene. Folk flest merkar dyrtida på kroppen. Noreg er eit rikt land, men rikdommen blir stadig fordelt mindre rettferdig. Dei rikaste bidreg mindre til fellesskapen, samtidig som dei sit att med stadig meir av verdiane. Høgresida går til val på ytterlegare skattelettar til dei rikaste og ønskjer denne utviklinga velkommen, SV vil snu henne.

Drivkreftene bak auka skilnader ser vi fleire stader i samfunnet. Skattane er slik at folk som lever på vanlege lønsinntekter, betalar ein langt større del av inntekta i skatt enn dei rikaste. Bustadmarknaden favoriserer dei som har mykje pengar og eigedom. Det rammar unge folk og folk med vanlege jobbar som treng ein stad å bu. Velferdstenestene begynner å bli meir todelte, der dei som har pengar, kan kjøpe seg forbi køar på ein måte som går ut over av resten. Tennene blir framleis haldne utanfor helsetenestene, slik at tannpine kan føre folk ut i omfattande gjeldsproblem.

Mange slitne kroppar blir pressa ut av arbeidslivet altfor tidleg, medan andre blir ståande utanfor og får ingen sjanse til å vise kva dei kan bidra med. I mange kvinnedominerte yrke blir det framleis

tilbydd små deltidsstillingar, samtidig som storsamfunnet skrik etter meir helse- og omsorgspersonell. Vi må ta betre vare på dei menneska som får samfunnet til å gå rundt. Dette er ikkje berre viktig for kvar enkelt, men for heile samfunnet.

Folk merkar òg at klimaet er i endring. Vi står overfor ei klimakrise som trugar sjølve grunnlaget for framtidssamfunnet. Norsk økonomi er i dag for avhengig av olje og gass, utsleppa er altfor høge, og omstillinga går for sakte. Samtidig blir viktige naturverdiar øydelagde. Å halde fram som før er ikkje berre ansvarslaust, det er òg farleg – for klima, natur og arbeidsplassar. Rettferd og miljø er to sider av same sak.


Det er desse problema SV har kjempa for å gjere noko med dei siste åra. Og vi har fått til mykje. Vi har auka barnetrygdene med mange tusen kroner, sikra gratis SFO, gjeve mange fleire rimeleg tannhelse, redusert klimautslepp og sett fart på grøn omstilling. Det er ein god start. Vi har vist at SV får ting gjort. Og vi har gjort det tydeleg kven vi er til for. SV er eit parti for vanlege folk.

Vi trur at styrken i det norske samfunnet ligg i at vi ikkje gjer skilnad på folk, at vi løyser problem i fellesskap, og at verdiane er nokolunde rettferdig fordelte. Desse verdiane om fellesskap og rettferd skal ikkje stanse ved grensene våre. I ei uroleg verd på randa av miljøødeleggingar, auka skilnader og avdemokratisering kan Noreg bli ei sterk stemme for meir solidaritet. Ja visst er vi eit lite land, men små land må òg tore å gå i front.

Høgresida brukar den tryggingspolitiske situasjonen og auka satsing på forsvar som unnskyldning for å gjere det dei har sagt i mange år: kutte i velferd, klimatiltak og internasjonal solidaritet. Men vi blir ikkje sikrare av å kutte i den økonomiske tryggleiken til folk eller koke kloden, og det blir ikkje mindre krig og konflikt om vi kuttar i internasjonal solidaritet. Tryggleiken vår handlar om så mykje meir enn militært forsvar.

Fleirtalet av befolkninga i verda er tent med meir omfordeling, meir solidaritet og meir demokrati. Når folk blir mobiliserte til å stå saman og forsvare desse interessene, kan vi gjere verdssamfunnet meir rettferdig. Den nye geopolitiske situasjonen skaper frykt, men vi må ikkje la oss lamme. For er det ikkje nettopp i krisetider at venstresida har vunne gjennom i kampen for ei betre verd? Vi kan vinne kampen for klima og natur.

Vi har vist kva SV kan få til når vi får sjansen. Om vi lykkast med å skape eit grønar og meir rettferdig samfunn, vil avhenge av evna vår til å få flest mogleg folk med på laget. Velkomen med i kampen for fellesskapen som forfedrane våre har bygd opp. Velkommen med i kampen for naturen som vi har bygd samfunna våre på.



Del 1: Hovudsatsingar for perioden 2025–2029

1.1 Rettferdig fordeling

Folk merkar dyrtid og dei økonomiske skilnadene på kroppen. Dei økonomiske ulikskapane i Noreg har lenge vore aukande, og velferda er under press. Det er ikkje fordi det er for lite pengar i Noreg, snarare tvert om: Det er fordi dei rikaste menneska i Noreg bidreg stadig mindre til fellesskapen. Held denne utviklinga fram, vil dette auke skilnadene i Noreg til amerikanske tilstandar og undergrave den felles velferda vår. Vi ser allereie framveksten av eit todelt velferdssystem, der dei rikaste kan kjøpe seg ut av helsekøane.

Vi vil ha eit meir rettferdig Noreg, med gode velferdstenester for alle. Personleg økonomi

skal ikkje avgjere tilgang og kvalitet på helsehjelp og opplæring, eller om ein kan få seg ein trygg heim.

Vi må prioritere folk og velferd for alle, ikkje rikdom for dei få. Skal vi klare dette, må vi føre ein aktiv omfordelingspolitikk. SV vil derfor auke skatten på store formuar, arv, eigedom og høge inntekter. Vi vil tette skattehøl og kjempe imot skatteflukt til skatteparadis. Dette er heilt nødvendig om vi skal redde velferdsstaten, redusere skilnader og nedkjempe fattigdom. Skal vi igjen ha eit samfunn med god velferd for alle, med små skilnader, har vi ikkje råd til å halde fram som i dag.

SV vil:

- **skape eit samfunn med velferd for alle og mindre skilnader.** Vi vil leggje om skattesystemet i ei meir rettferdig retning med lågare skatt på vanlege og låge arbeidsinntekter og auka skatt på større formuar, arv, utbyte og eigedom. Vi må ha eit skattenivå som sørgjer for at felles velferd framleis blir betalt av fellesskapen.
- **tette skattehøl og nedkjempe skatteflukt.** Vi vil gjere det vanskelegare for dei rikaste å flytte til utlandet for å unngå å betale skatt og bidra til felles velferd.
- **at superprofitt skal kome folket til gode.** Vi vil at stor profitt med utgangspunkt i ressursane til fellesskapen, persondata eller folk sine innskot i bankar skal skattleggjast høgare.
- **nedkjempe fattigdom.** Auke minstesatsane i folketrygda, slik at dei sikrar eit verdig livsopphald for alle.
- **ha universelle velferdsordningar.** Behovsprøving av ytingar fører ofte til at dei som treng dei aller mest, går glipp av dei.

1.2 Grøn rettferdig omstilling

Klimaendringane er her, og dei er urettferdige og farlege. Det skjer ein drastisk nedgang i naturmangfaldet, både på grunn av klimaendringar og ulike former for arealbruk. Desse endringane representerer ein stor fare for miljøet, men òg for helsa til menneska. Verda rundt oss omstiller seg i rekordfart, men Noreg held ikkje følge. Fordelt på kvar innbyggjar er Noreg på verdstoppen i klimagassutslepp, og ein altfor stor del av norsk økonomi er avhengig av olje og gass, noko som gjer arbeidsplassar og lokalsamfunn ekstra sårbare for marknadssvingingar og produksjonsnedgang. Forbruket vårt av energi og ressursar er for stort og må reduserast. Hadde alle hatt eit like høgt forbruk, ville det kravd langt fleire jordklodar. Å halde fram som før er uansvarleg for klimaet, naturen, arbeidsplassar, næring og eksportinntekter. Den grønne omstillinga må vere rettferdig og sosial, mellom generasjonar og mellom land.

Strategien til SV for eit rettferdig grønt skifte handlar om å byggje vidare på den eksisterande næringsstrukturen vår med sikte på verdiskaping i både privat og offentleg sektor. Vi vil avkarbonisere og vidareutvikle eksisterande industri for å nå klimamål, styrkje

konkurranseskrafta og trygge arbeidsplassar. Ein avgjerande del av strategien er at staten ikkje gjev ut store subsidiar til nye grønne næringar utan å sikre folkeleg eigarskap og utan å sikre sin rettmessige del av fortienesta frå dei nye industriane. Gjennom auka statleg eigarskap i nøkkelbedrifter og næringar som blir drivne fram av klimasatsinga, skal vi sikre at gevinstane frå det grønne skiftet blir fordelte til beste for fellesskapen. Vi treng fleire bein å stå på enn berre olje og gass, og derfor må vi byggje ny eksportretta industri som er utsleppsfri og produserer klimateknologi for framtida. Sentralt for strategien er å vri skattar og avgifter, reguleringar og krav, subsidiar og støtteordningar og statlege selskap vekk frå det fossile og over til det grønne.

Samtidig som vi omstiller samfunnet, skal vi redusere skilnadene. Eit rettferdig grønt skifte handlar om å skape dei nye grønne, trygge og meningsfylte arbeidsplassane for framtida, og sørgje for at auka kostnader ikkje fører til aukande forskjellar. Vi skal ikkje nytte oss av fleksible mekanismar for å oppfylle dei nasjonale klimamåla våre, men heller gjennomføre ei nasjonal omstilling. Samtidig skal vi i tillegg bidra til klimaomstilling globalt.

Skal vi få til dette, må vi gjere følgjande grep:

1. etablere ein nasjonal strategi for klimakutt og vern av natur, ei grøn bok, som er styrande for all budsjettering og regulering
2. setje i verk ein nasjonal omstillingsplan for oljeverksemda i samarbeid med partane i arbeidslivet, der måla i Parisavtalen er styrande for tempoet i omstillinga
3. bruke dei økonomiske verkemidla til staten til å byggje nye grønne industriar og næringskjeder i heile landet, samtidig som staten sikrar eigarskap og fortieneste frå nøkkelindustriar som er ein del av klimasatsinga

Alle ressursane vi treng til å omstille norsk økonomi, er knappe. Vi må derfor prioritere kraft, areal, kapital og menneskelege ressursar til det beste for folk og miljø.

SV vil:

- **ha offensive klimakutt.** Kutte utslepp av klimagassar i tråd med faglege tilrådingar slik at vi bidreg til å nå dei globale måla i Parisavtalen. Stoppe nedbygging av natur og tap av naturmangfald. Omstille norsk økonomi slik at vi oppfyller målet i klimalova om å kutte norske utslepp med 90–95 prosent innan 2050 og forvalte naturen i samsvar med FNs naturavtale. Innføre eit styringssystem, med karbonbudsjett og naturbudsjett for ulike sektorar, for å sikre openheit og føreseielegheit om korleis styresmakter og selskap følgjer opp måla. Gje Finanstilsynet i oppdrag å køyre stresstestar av klima- og naturrisikoar i norske finansinstitusjonar og gjere vurdering av klimarisiko til ein del av Finanstilsynets mandat.
- **omstille samfunnet frå olje til fornybart.** Vi må fase ut norsk olje- og gassverksemd gjennom å utarbeide ein strategi for sluttfasen til norsk olje og gass. Det inneber å stanse leiteverksemd, ikkje opne for nye petroleumløyve og begynne å fase ut dei mest forureinande og minst lønsame oljefelta. Prisen for CO₂-utslepp i olje- og gassverksemda bør aukast kraftig fram mot 2030. Vi vil at Noreg tek ei leirolle internasjonalt for å avgrense vidare utbygging av olje og gass.
- **utvikle ein nasjonal omstillingsplan.** Vi vil auke og vri alle statlege kapitalverkemiddel i grøn retning. Vi vil innføre minimumskrav til miljø i offentlege innkjøp, i tråd med dei norske klima- og naturmåla, og premiere miljøkvalitetar utover dette. Vi vil etablere nasjonale sektorsatsingar innanfor havvind, karbonfangst og lagring, hydrogen, batteriproduksjon, grøn skipsfart og bioindustri. Vi vil styrkje norsk eigarskap i nøkkelnæringane og sørgje for at det grønne skiftet styrkjer organiseringa i arbeidslivet. Vi vil særleg sikre ein Nord-Noreg-plan, der grøn næringssatsing blir eit av tiltaka for å snu befolkningsnedgang. Vi vil forby all form for fracking og tjøreslamutvinning for norske statlege selskap og dotterselskapa deira i heile verda. Vi vil innføre mål om arealnøytralitet nasjonalt, verne fleire land- og havområde og restaurere minka natur i samsvar med Naturavtalen. Naturområde som ikkje blir verna, må forvaltast og brukast berekraftig.

1.3 Fleire folk i arbeid

Samtidig som både næringsliv og offentlig sektor skrik etter folk, held arbeidslivet fram med å støyte folk ut og bruke opp kreftene til folk. Det fører til at altfor mange blir ståande på utsida – anten fordi dei er utslitne, eller fordi dei ikkje kan bidra så mykje som arbeidsgjevarane krev. Dette er eit stort tap for samfunnet og kvar enkelt.

Dei menneskelege ressursane våre er det viktigaste vi har. At flest mogleg kan arbeide etter evne, er avgjerande om vi skal

lykkast som samfunn i tida framover. For samfunnet samla sett vil det alltid løne seg at alle bidreg med det dei kan. Problemet er at det ikkje «løner seg» for kvar enkelt bedrift eller arbeidsplass å tilsetje folk med arbeidsavgrensingar. Dette vil SV snu på. Det skal løne seg å tilsetje folk som står utanfor arbeidslivet, både for bedrifter, samfunnet og for kvar enkelt.

Alle som kan jobbe, bør sikrast anstendig arbeid, og full sysselsetjing må derfor vere eit hovudmål for den økonomiske politikken.

SV vil:

- **gjere det lønsamt å tilsetje folk som står utanfor arbeidslivet.** Eit arbeidsliv i stadig endring krev auka og endra kompetanse. Fleire fell utanfor arbeidslivet, der omskulering kunne gjeve nye moglegheiter. Vi vil styrkje ordninga som gjev lønstilskot til bedrifter som tilset arbeidssøkjande via Nav, særleg for grupper med nedsett arbeidsevne. Ordninga må leggje vekt på kompetanseheving, og tillitsvalde må spele ei rolle ved iverksetjing, mellom anna for å hindre misbruk av ordninga. Målet må vere faste, heile stillingar.
- **skape fleire arbeidsplassar.** Samfunnet har ei lang rekkje uløyste oppgåver, samtidig som folk står utan ein jobb. Arbeidsløyse er sløsing med ressursar. Nav må få utvida verktøykassen sin, ikkje berre til å hjelpe folk inn i jobb, men òg til å faktisk sikre jobbar. Det må opprettast ei statleg søknadsbasert tilskotsordning for kommunar, som dekkjer lønskostnader til jobbsskaping. Slik kan unge under 30 år og personar med nedsett arbeidsevne få tilbod om ein meningsfylt jobb med høgare inntektssikring enn ytingar frå Nav, dersom dei har vanskar med å finne jobb i den ordinære arbeidsmarknaden. Ordninga skal ikkje brukast til å vege opp for manglande bemanning, fortrenge dei ordinære tilsette i kommunen eller subsidiere oppgåver som normalt blir løyste av ordinære tilsette. Arbeidsplassane må ha tariffavtale og garantere at ufaglært arbeidskraft ikkje erstattar faglært arbeidskraft. På sikt er målet å utvide dette til ein nasjonal jobbgaranti.
- **sikre at ungdommar ikkje er arbeidslause, ved å utvide og styrkje ein jobbgaranti for ungdommar.** For å få til det krevst det ekstra midlar. Dersom ein baserer garantien på interne omdisponeringar i Nav, vil han gå kraftig ut over andre brukargrupper. Ved i staden å finansiere ungdomsgarantien kan oppsøkjande verksemd og nye arbeidsplassar kome arbeidsløyse for ungdom til livs.

- **byggje ned barrierar mot deltaking.** Diskriminering og manglande tilrettelegging er viktige årsaker til at menneske med ulike minoritetsbakgrunnar ikkje får delta i arbeidslivet sjølv om dei ønskjer det. Det må gjevast meir rettleiing frå Nav i korleis ein kan leggje til rette for personar med funksjonsnedsetjingar og bruke ordningar for hjelpemiddel, assistanse i arbeidslivet må styrkjast og rettsfestast, og diskriminering må sanksjonerast sterkare. For å få til god rettleiing skal alle tilsette med brukarkontakt i Nav få rett til opplæring i arbeidsinkludering, psykisk helse og arbeid, vald i nære relasjonar og konsekvensar for arbeid, og rettleiing av brukarar med innvandrarbakgrunn.
- **gje alle som treng helsehjelp for å meistre arbeidslivet, tilbod om arbeidsretta rehabilitering, der helse og arbeid samtidig blir sett i samanheng.**
- **ha ei arbeidstidsreform som inkluderer fleire.** Arbeidslivet har auka produktiviteten enormt det siste hundreåret, og belastninga på tilsette i mange bransjar er framleis for høg. Normal arbeidstid er ikkje endra sidan 1919. Arbeidstidsreduksjon med full lønsskompensasjon kan bidra til at fleire kan stå lenger i arbeid, at fleire kan stå i full stilling, og at fordelinga mellom arbeid og fritid blir betre. Vi vil i perioden føreslå at ordinær lovfasta arbeidstid går frå 8 timars arbeidsdag til 7 timars arbeidsdag og 35 timars veke.

1.4 Redde velferdsstaten

Velferdsstaten er under press. Til tross for at Velferdsstaten er under press, sjølv om behovet for fleire tilsette i oppvekst, utdanning og helse aukar, blir kommunane og sjukehusa svekte. Dei tilsette som er att, må springe fortare, noko som gjev utslag i høgt sjukefråvær, ufrivillig deltid og at folk sluttar. Det har blitt ein negativ spiral, der kostnadskutt gjev mangel på folk, noko som igjen slit ut folk og gjer det endå vanskelegare å halde på dei folka ein har. Innbyggjarane opplever at dei ikkje får den omsorga dei treng eller har rett på frå det offentlege, og mange blir kasteballar i systemet med dårleg høve til å bestemme sjølv. Samtidig ser vi framveksten av vikarbyrå og kommersielle aktørar som går med store overskot. Får denne utviklinga halde fram, går vi mot ei todelt velferd der dei rikaste kan kjøpe seg betre tenester.

Denne utviklinga vil SV snu. Velferdsstaten er eit av dei viktigaste verktøya vi har for

verdiskaping og utjamning av forskjellar i samfunnet. Ein god oppvekst, gode støtteordningar undervegs i livet og ei omsorg som tek vare på folk, skaper gode samfunn. Det er dei kvinnedominerte yrka i offentlig sektor som held oppe velferdsstaten. Dei er gull verde og må få ei løn å leve av, arbeidsforhold som ikkje går på helsa laus, med nok folk på jobb. Slik blir velferda betre, og fleire vil velje og vere i stand til å utføre dei viktige jobbane.

Kvinnedominerte yrke er gjennomgåande lågtlønnte og underfinansierte. Samtidig er det harde arbeidsforhold som slit ut arbeidarane, og som gjer at det er store fråfall på desse arbeidsplassane. Bruken av vikarar er stor, og mange som utdannar seg innanfor desse yrka, endar opp med å endre karriereveg. Kvinner tener gjennomgåande mindre enn menn – og SV har som mål å heve løna i alle kvinnedominerte yrke.

I offentlig sektor er det spesielt innanfor helse og oppvekst at behovet er stort. Dette fører til at det svært mange stader er tilsett folk utan ønskt kompetanse eller er for få på jobb. Dette kan både vere farleg for pasientane og svekkje opplæringa av barn og unge.

SV vil auke talet på tilsette i oppvekst og helse. Vi vil avvikle bruken av vikarbyrå og fase ut kommersielle aktørar. Vi vil òg stramme inn på mellombelse tilsetjingar, kraftig redusere deltid og vere pådrivar for 6-timars arbeidsdag. Det er ved å ta betre vare på folk at vi sikrar nok tilsette i velferdsstaten.

Ein god oppvekst, rikt kulturtilbod, gode støtteordningar undervegs i livet og ei omsorg som tek vare på folk, skaper gode samfunn. SV har vist at vidareutvikling av velferdsstaten er mogleg, ved å ha fått gjennomslag for og starta opp ei tannhelsereform.

SV vil:

- **sørgje for at det er nok folk på jobb i velferda.** Gjennom økonomisk fordeling vil vi auke bemanninga innanfor oppvekst og helse i kommunesektoren.
- **prioritere velferd, ikkje privat profit.** Vi vil avvikle bruken av vikarbyrå og heller bruke pengane på å auke bemanninga. Vi vil fase ut kommersielle aktørar. SV vil begynne dette arbeidet i sektorane barnevern, barnehage og eldreomsorg.
- **avvikle marknadsstyring i offentlig sektor.** Erstatte marknadsstyringa med demokratisk kontroll og tillit til tilsette i offentlig sektor. Vi vil redusere avstanden mellom staten og innbyggjarane ved å sikre at offentlig sektor er styrt av sosiale føremål, ikkje profit.
- **gje tilsette meir innverknad over eigen arbeidssituasjon.** Vi vil tilby heile, faste stillingar og tilstrekkeleg bemanning som tek høgde for fråvær. SV vil leggje til rette for gradvis arbeidstidsreduksjon med full lønsskompensasjon i offentlig sektor.
- **jobbe for likeløn.** Vi skal jobbe for at kvinnedominerte yrke skal gå opp i løn, gjennom å setje ned eit utval som skal greie ut korleis ein skal tette lønsgapet mellom kvinner og menn.
- **halde fram tannhelsereforma.** Ingen skal måtte betale meir for å gå til tannlegen enn for å gå til legen. Sentralt i reforma er å byggje ut den offentlege tannhelsetenesta. Vi vil òg at det blir sikra kontroll av etablering, behandling og pris i den private delen av tenestene.

Dei store sosiale og geografiske ulikskapane i tannhelse hos vaksne er eit stort problem. Denne svært urettferdig fordelinga kjem av at tannbehandling ikkje er ein del av det offentlege helsevesenet. Dermed er personleg økonomi utslagsgjevande for tannhelse. Omfanget av privatisert tannhelse har òg ført til store geografiske skilnader, der Distrikts-Noreg manglar tilbod, medan dei sentrale områda har for mange.

For barn og unge etablerte vi derimot eit godt organisert offentlig tannhelsetilbod i 1960- og 70-åra. Dette førte til ein rask reduksjon i den sosiale og geografiske ulikskapen i tannhelse blant barn og ungdom. SV har den siste stortingsperioden utvida ungdomsordninga til stadig fleire. Vi meiner det er på tide at vi innlemmar heile befolkninga, slik at tennene blir ein del av den offentlege helsetenesta.

1.5 Alle skal ha ein trygg heim

Det er eit mål for SV at fleire skal kunne eige sin eigen bustad. Men i dag ser vi at draumen om bustad blir stadig fjernare for mange, og at forskjellane aukar sterkt mellom dei som er innanfor og dei som er utanfor bustadmarknaden. Bustad har blitt eit spekulasjonsobjekt, og den sterke prisveksten stengjer nye generasjonar ute. Resten av bustadpolitikken har vore overlaten til marknaden, med svak regulering av leigemarknaden. For å få seg ein inngangsbillett til bustadmarknaden må unge ta opp rekordstor gjeld og er avhengige av formuen til foreldra. Dermed blir stadig fleire ståande utanfor, i ein dyr og dårleg leigemarknad.

Bustadmarknaden, slik han er i dag, er øydeleggjande for både by og bygd. I byane er prisane skyhøge, medan på bygda er verdien av bustadene så låge at bankane ikkje innvilgar

lån til dei som vil etablere seg. På denne måten forsterkar sentraliseringa seg.

Vi kan ikkje lenger la marknadskreftene styre bustadmarknaden. Bustadprisane må vere på eit overkomeleg nivå, og vi må skattleggje dei dyraste bustadene meir. Noreg treng fleire ikkje-kommersielle utleigebustader som sikrar stabilitet og tryggleik for dei som er på leigemarknaden. Dette vil òg bidra til å redusere bustadspekulasjon, ettersom det blir mindre lønsamt med privat utleige. Noreg treng òg fleire bustader der prisane ikkje blir styrte av marknaden. Vi vil byggje allmenne bustader etter inspirasjon frå Danmark. Vi vil atterreise Husbanken som motor i sosial bustadpolitikk, med utvida lånerammer. Kombinert med ei kjempesatsing på studentbustader vil dette sikre eit jamnare tempo i bustadbygginga og mindre press på bustadprisane. I tillegg vil fleire få seg ein trygg og stabil stad å bu.

SV vil:

- **byggje opp ein tredje bustadsektor.** Vi vil byggje fleire ikkje-kommersielle utleigebustader og prisregulerte sjølvveigar- og studentbustader.
- innføre ein nasjonal bustadplan. Denne planen skal sikre dei ulike bustadbehova i bygd og by, og drive fram bustadutbygging med ein sosial profil, både i statleg og kommunal regi. Vi ønskjer at Husbanken skal ha ei sentral rolle i dette, at Husbanken blir styrkt, og at ordninga for tilpassing av bustad blir tilbakeført frå kommunane. Vi vil auke takten på bygging av kommunale bustader til seniorar/eldre. Vi vil at eldre skal ha råd til å bu i tilrettelagde bustader, slik at dei kan bu heime lenger.
- **opne opp for at Husbanken skal gje privatpersonar vanlege bustadlån.** Ein del av fortienesta til Husbanken skal saman med overføringar frå Stortinget bidra til rimelege startlån og sosial bustadbygging. Husbanken vil då òg fungere som ein motsats og korrektiv til private bankar.
- **avgrense bustadspekulasjon og prioritere unge.** Vi vil skjerpe skattlegging av sekundærbustad og fritidsbustad, og redusere netto skattefordelar til eigedom, særleg dei dyraste bustadene. Vi vil regulere utlånet til bankane, slik at spekulasjonen blir redusert og førstegongskjøparane blir prioriterte. SV vil gje kommunane høve til å regulere korttidsutleige som Airbnb.
- **styrkje bustøtteordninga.** Vi vil at fleire skal få tilgang til bustøtte, og at ein større del av buutgiftene blir dekte. Sikre at den statlege bustøtta aukar og er i tråd med lokale leigeprisar i byar med høgt prinsnivå.

- **Innføre ein generasjonsskatt.** Vi vil innføre skatt på arv, med botnfrådrag på 10 millionar per arving og nye trinn for ekstra stor arv. Inntektene skal gå direkte til å hjelpe unge menneske til å få seg ein trygg heim.
- **styrkje tilsynsordningar.** Vi vil styrkje kommunar, brannkorps og tilsynsmoglegheitene til skattestyresmaktene for å avdekkje ulovleg korttidsutleige, hyblifisering og farlege utleigeobjekt. Sanksjonsmoglegheitene til styresmaktene skal styrkjast.

1.6 Kraft på premissane til folket og miljøet

Dei høge og ustabile straumprisane dei siste åra har vist svakheita med dagens marknadstyrte kraftsystem. Noreg importerer straumprisar frå Europa time for time, der det høgaste bodet på kontinentet òg set prisen her heime, uavhengig av om straumen reint fysisk forlèt Noreg. Særleg den sørvestre delen av landet er utsett for prissmitten, med den tette koplinga si til den europeiske kraftmarknaden gjennom utanlandskablane.

Noreg har eit godt utgangspunkt for det rettfærdige grøne skiftet, men det føreset at vi tek demokratisk kontroll over den viktigaste strategiske ressursen vår i staden for å la marknadskreftene tvinge på oss import av høge og uføreseielege prisar. Noreg skal ha energisamarbeid og kraftutveksling med nabolanda våre, men ikkje i form av overnasjonal marknadstvang. Framover blir det avgjerande å prioritere kven krafta skal kome til gode.

SV vil:

- **ta krafta av børs og greie ut alternative modellar som erstattar dagens marknadstyrte kraftsystem med eit demokratisk styrt system** inkludert korleis vi kan bruke opninga i EØS-avtalen til å omklassifisere nødvendig straumforbruk til eit nødvendig gode som ikkje er underlagt marknadsreglane.
- **opprette eit statleg føretak for kjøp og sal av straum.** Føretaket skal ha høve til å kjøpe straum direkte frå produsentar og spotmarknaden, og tilby langsiktige og føreseielege avtalar til hushalda, industrien og anna næringsliv til ein rimeleg pris over heile landet. Dette føretaket skal erstatte dagens straumsalsselskap.

Målet til SV er å ta krafta tilbake til demokratisk kontroll. Fornybar kraft skal vere eit fellesgode og ein strategisk ressurs for å byggje samfunn og industri, ikkje ei marknadsvare som blir seld til høgstbydande og gjev superprofitt til børsmeklarar og unyttige straumsalsselskap. Den neste fireårsperioden vil SV derfor ta initiativ til ulike grep som sørgjer for meir demokratisk styring, mindre marknad og rimelegare og meir stabile prisar for hushald og industri i heile Noreg.

SV er eit parti som tek klimakrisa og naturkrisa på alvor. Det er store klimagassutslepp i Noreg som må reduserast, og det krev meir energieffektivisering, utbygging av kraftnett og fornybar energiproduksjon. Dette må samtidig gjennomførast på ein slik måte at det går minst mogleg ut over naturen. Dessutan skal eigarskapen til fellesskapen til kraftproduksjon sikrast for å sikre demokratisk kontroll over fellesgodet.

- **sikre utbygging av naturvenleg fornybar kraft gjennom det statlege selskapet**, der dei inngår langsiktige priskontraktar til utbyggjarar av ny kraft, og dessutan eksisterande kraftproduksjon.
- **innføre eit toprissystem** for hushalda der målet er at nødvendig straumforbruk er vesentleg rimelegare enn luksusforbruk
- **avvikle førstemann-til-mølla-systemet**, ved å sørgje for prioritering av ny krafttilgang til næring, der dei tiltaka som gjev mest arbeidsplassar, verdiskaping, minst mogleg tap av natur og bidreg mest til å kutte klimagassutslepp, blir prioriterte framfor andre etableringar.
- **sikre at industrien kan inngå nye langsiktige kraftavtalar på tilsvarande vilkår** som i dag, i god tid før utløpet av dei noverande kraftavtalane for å halde oppe og styrkje norsk landbasert industri.
- **seie nei til EUs fjerde energimarknadspakke og fornybardirektivet**, og melde Noreg ut av EUs energiunion og energibyrået ACER. SV vil innføre dei enkelttiltaka i energimarknadspakken som fremjar klima og miljø utan å gje suverenitet.

1.7 Ta havet tilbake og jorda i bruk

Gardsbruk blir lagde ned dagleg, beiteområde står ubrukte, matjord blir øydelagd av utbygging, og jorda blir utarma av kortsiktige økonomiske prioriteringar i drifta. Ressursane i havet blir øydelagde av forureining, bestandane blir svekte av overfiske, ikkje-berekraftige fangstmetodar og oppdrett, og havbotnen blir utfordra av mineralutvinning. Det er dei kortsiktige profittomsyna som dominerer, ikkje berekraftig bruk av felles ressursar.

Jordbruk er bruk av jord. SV vil auke sjølvforsyninga. Auka sjølvforsyning er auka planteproduksjon anten som mat til menneske eller som fôr til dyr produsert på norsk jord. Skal sjølvforsyninga aukast, må det å produsere planter på norsk jord bli meir lønsamt og bruk av planter produsert på utanlandsk jord bli mindre lønsamt.

Nedbygginga og øydelegginga av ressursane til fellesskapen undergrev kystsamfunn og distriktssamfunn. Dette er samfunn som i fleire

hundre år har bygd kunnskap og infrastruktur for å hauste berekraftig av dei felles ressursane våre.

Konsentrasjonen av rettar til å hauste og bruke ressursane på hav og jord driv fram store forskjellar, både internt i næringane og i samfunnet. Kystsamfunn og distriktsjordbruket blir svekt, og stadig færre vinn på utviklinga.

Hav- og jordressursane til Noreg er dei viktigaste fornybare ressursane våre. For eit samfunn som skal utviklast til å bli eit sirkulært samfunn der alle ikkje-fornybare innsatsfaktorar må erstattast av fornybare, er berekraftig bruk av hav og jord nøkkelen for Noreg i eit æveperspektiv.

Vi treng alle mat. For SV er det derfor nasjonalt viktig at hav og jord blir sikra og brukt til å skape mat på mest mogleg berekraftig måte. Skal dette vere mogleg, må det bu folk spreidd, der dei store ressursane er.

SV vil:

- **føre ein ny fiskeripolitikk på premissane til kystfolket.** Vi vil styrkje retten til å fiske for kystfolket. For å hindre forureining vil vi gje skånsame fangstreiskapar og fartøy med låge utslepp auka kvotar og forrang i havdeling. Vi ønskjer å avvikle pliktordninga i torskefiskeria og omfordele fiskekvotane frå torsketral til tradisjonelle kystfartøy og stille krav om at alle fartøyeigarar faktisk skal vere aktive fiskarar. Vi vil etablere ei større ungdoms- og kvinnesatsing.
- **føre ein jordbrukspolitikk på premissane til naturen og bonden, der jorda blir teken tilbake i bruk.** Vi vil stanse avviklinga av gardsbruk og auke sjølvforsyninga til minst 50 prosent, korrigert for fôrimport. Vi vil auke tilskota til arealbruk og berekraftig forvaltning, ikkje produksjonsvolum. Vi vil styrkje økonomien i å utnytte spreidde ressursar og beiteressursar. Vi vil sikre eit nytt talgrunnlag for jordbruksoppgjera med ærlege tal for drift og investering. Målet vårt er fleire bønder.
- **innføre strengare krav til rein kyst og fjord.** Innanfor havbruksnæringa må det utviklast utsleppsfri teknologi slik at rømming og forureininga blir stoppa og avfallet blir utnytta. Det kan ikkje gjevast nye konsesjonar til oppdrett av torsk før risikoen for villtorsken er eliminert. Vi ønskjer at fisketurisme blir regulert strengare, at det blir forbod mot å ta fangst frå fisketurisme ut av landet, og at cruisenæringa må reduserast i omfang og gå over til nullutslepp nær kyst og fjord.
- **stanse nedbygging av matjord.** Vi meiner at utbygging berre kan skje dersom det sikrar vesentlege samfunnsverdiar og den samla miljørekneskapen er positiv.
- **at føre-var-prinsippet skal gjelde til havs.** Prosjekt eller næringar kan berre tillatast dersom det er vitskapleg dokumentert at dei ikkje har vesentleg negativ effekt på naturmangfaldet. Vi vil stanse gruvedrift på havbotnen.

1.8 Eit løft for ungdommen

Eit godt samfunn er eit samfunn der dei unge har det bra. I dag peikar altfor mange piler i feil retning – dårlegare psykisk helse, stress, skulevegving, einsemd, aukande ungdomskriminalitet og mindre tru på framtida. Det er på tide at vi set ungdommen først.

Skulen er for teoritung. Altfor mange elevar opplever skulen som stressande og lite motiverande. Vi veit òg at det er stor forskjell i kva høve elevane har til å fullføre utdanninga si, basert på utdanningsnivået til foreldra og eleven sitt val av utdanningsretning. Ingen elevar er like, men moglegheita for å fullføre opplæringa skal vere lik. Vi vil skape ein skule der alle elevar har høve til å lykkast. Vi vil innføre gratis skulemat for alle elevar i grunnskulen og vidaregåande skule, for vi veit at det gjev betre trivsel, betre skulemiljø og betre læring. Vi skal vise tillit til elevar og endre fråværsreglementet i vidaregåande skule. Sluttvurderingsforma i vidaregåande skule skal bli meir rettferdig. Dette er ein stor jobb, og læraren kan ikkje gjere jobben åleine. Vi skal byggje eit lag rundt elevane, så det hastar å få fleire yrkesgrupper inn i skulen.

Eit breitt idretts-, fritids- og kulturtilbod gjev unge ein stad å høyre til, ein fellesskap og ei moglegheit til å prøve ut ideane og tankane sine. Aukande prisar på fritids- og kulturtilbod gjer at mange ikkje har høve til å delta. Vi må derfor satse på fleire ungdomsdrivne

fritidsklubbar med høg kvalitet og auke støtta til idretten for å byggje ned barrierar mot deltaking. Alle unge må få høve til å ha kulturopplevingar, uavhengig av storleiken på lommeboka.

For mange unge står utanfor arbeidslivet, samtidig som vi har mange oppgåver som skal løysast. Å ha høve til å få arbeidserfaring og tene eigne pengar er viktig for inkludering og stoppar rekruttering til ungdomskriminalitet. For mange unge må gje opp framtidsdraumane sine fordi lommeboka ikkje strekk til. Det skal vere mogleg for unge å etablere seg som fiskarar og bønder, og alle skal ha råd til å studere utan å vere avhengige av pengar heimanfrå.

Mange unge slit i dag med dårleg psykisk helse. Dagens forbrukarsamfunn skaper i kombinasjon med sosiale medium eit konstant press om å prestere, byggje kropp og verke vellykka. Dette gjer at mange kjenner på maktløyse og strevar med eigen identitet – særleg gjeld det mange gutar. Som samfunn har vi ikkje lykkast med å ta dette på alvor. Altfor mange vel å isolere seg frå samfunnet. Derfor er det behov for ei brei satsing på ungdom og psykisk helse. Det må bli enklare å oppsøkje hjelp, og samtidig må vi leggje til rette for arenaer der det blir prata ope om psykisk helse, forventningar og prestasjonspress.

SV vil:

- **skape ein skule med moglegheiter for alle.** Vi vil innføre gratis måltid kvar dag på ungdomsskule og vidaregåande skule. Vi vil endre dagens fråværsreglement og eksamensordning i vidaregåande skule. Vi vil jobbe for seinare start på dagen for elevar på ungdomssteget og vidaregåande skule. Vi vil opprette fleire alternativ til det tradisjonelle skuleløpet for elevar med høgt skulefråvær eller som står i fare for å ikkje fullføre utdanningsløpet, både i ungdomsskulen og på vidaregåande. Vi vil opprette fleire produksjonsskular. Vi ønskjer å utvikle alternative former for yrkesfag, slik at vi kan auke prosentdelen som fullfører yrkesfagleg utdanning, og lovfeste retten til lære plass.

- **sikre tilpassa opplæring for kvar enkelt ved å auke bemanninga og styrkje heile laget rundt eleven**
- **opprette eit nasjonalt kompetansesenter for unge menn og psykisk helse**
- **gje alle lik høve til ei meningsfylt fritid.** Vi vil lovfeste retten til fritidsklubb. Målet er minst éin fritidsklubb per ungdomsskulekrins, der klubbane kan gje gratis tilbod som konsertar, utflukter og aktivitetar i feriar.
- **sikre fleire unge moglegheita til å drive med organisert idrett.** Vi vil innføre målretta tiltak i barne- og ungdomsidretten for å auke deltakinga. Staten skal samarbeide med idretten og kommunane om å redusere prisane.
- **gje alle unge høve til å delta i kulturlivet.** Vi vil etablere eit ungdomspass med rabattar på konsertar og andre kulturopplevingar, og styrkje kulturskulen.
- **sikre rørslefridommen til ungdommar.** Vi vil innføre eit nasjonalt månadskort for passasjerar under 20 år som kan reise rimeleg med buss, tog, ferje og hurtigbåt i heile landet.
- **gje ungdommar moglegheiter i arbeidslivet.** Vi vil lage eit nasjonalt program med mål om å skape 50 000 ungdomsjobbar. Vi vil arbeide for at det skal bli enklare for unge å drive næring, både som fiskarar og bønder og i andre delar av næringslivet.
- **auke studiestøtta.** Vi vil sikre at alle har høve til å studere, uavhengig av inntekta til foreldra.
- **sikre eit betre psykisk helsetilbod for barn og unge.** Vi vil kjempe for eit verdig psykisk helsetilbod som tek ungdommar på alvor. Vi meiner at storleiken på lommeboka ikkje skal avgjere kor raskt du får hjelp eller kvaliteten på behandlinga. Alle menneske som slit, fortener ei god behandling, og særleg ungdommar må prioriterast i helsekøane.

1.9 Bygg landet med jernbane, sjøtransport og bruksveg

Utslepp frå køyretøy, fly og fartøy utgjør samla dei største utsleppa i Noreg. Vi kjem aldri i mål med natur- og klimamåla utan at vi reduserer transportbehovet og legg om transportinfrastrukturen til nullutslepp og energieffektiv transport. Å erstatte fossilt drivstoff i køyretøy, fly og fartøy med elektrisitet og biodrivstoff vil på sikt vere uansvarleg og leggje utilbørleg press på kraft- og økosystem. Skal vi unngå det, må vi redusere og flytte transporten over til både nullutsleppsalternativ og energieffektive alternativ. Noko anna er uansvarleg. Planlegginga må starte no om vi skal rekke omstillinga i tide.

Det er ikkje nok å berre byte drivstoffet på person- og tungtransport på dei lange strekningane. Når vi skal reise langt, eller frakte

goods over store avstandar, må vi velje jernbane. Utsleppa og straumbruken frå elektrisk jernbane er nær null. Jernbane er dessutan svært arealeffektivt. Sjøtransport kan skje utan utslepp og utan inngrep i naturen.

Vi kan ikkje be folk ta toget om toget ikkje går. Altfor lenge har norsk samferdselspolitikk handla om å klippe snorer på nye motorveg – den tida må vere forbi.

Dei delane av landet som ikkje blir omfatta av omstillinga, kjem ubønhøyrleg til å forvitte. CO₂-prisane kjem til å måtte auke, fordi energi allereie er ein avgrensa ressurs. Heile Noreg må derfor bli ein del av omlegginga til transportløyisingar for framtida. Transport utan utslepp og som er energieffektiv, er einaste vegen for transport i framtida.

SV vil:

- **rusta opp dagens jernbane og utvide henne for framtidige behov.** Vi vil doble midlane til vedlikehald av jernbana og få fortgang i elektrifiseringa av attståande jernbanestrekningar. Vi vil byggje dobbeltspor og kryssingsspor på dei viktigaste linjene for å sikre auka kapasitet på godstoga og halvtimesfrekvens på lokal- og regiontoga. Fjerntog skal gjerast konkurransedyktig med flytrafikken.
- **ruste opp kvardagsvegen i heile landet.** Vi vil ta att vedlikehaldsetterslepet på kvardagsvegane og sikre vegane som er mest utsette for trafikk, ras og andre konsekvensar av ekstremvêr og klimaendringar. Vi vil prioritere fylkesvegane framfor miljøfiendtlige firefelts motorveg.
- **auke støtte til gang- og sykkelveg og kollektivtransport.** Vi vil spare areal, miljø og få betre bumiljø med mindre biltrafikk i byane.
- **etablere eit nasjonalt program for maritime næringar.** Målet må vere at alt gods som kan transporterast på kjøl, blir transportert på kjøl. For sjøfartsnasjonen Noreg, med lang maritim historie med folk, skip og verft, vil dette dessutan kunne gje store jobb- og næringsmoglegheiter langs kysten.
- **ha trygge vegar.** Auke trafikktryggleiken med gul midtstripe, setje ned farten i område med mykje ulykker, sikre mjuke trafikantar i utsette område mellom tunge og mjuke trafikantar og byggje ut sykkelveg og gangfelt med lys i distrikta.

1.10 Fred og internasjonal solidaritet

Vi lever i ei stadig meir uroleg verd. Autoritære krefter er på frammarsj, og den globale ulikskapen aukar. Væpna konflikt trugar stadig fleire stader i verda, og dei internasjonale reglane for å hindre krig og krigsbrottsverk er under sterkt press, ettersom stormakter tek seg til rette. Historisk mange menneske blir tvinga på flukt og blir ramma av svoltkatastrofar og humanitære kriser, samtidig som bistands- og hjelpeorganisasjonar opplever dramatiske og uføreseielege kutt i finansiering.

SV meiner at Noreg skal styrkje fredsarbeidet sitt og vere pådrivar for fred, nedrusting,

lågspenning og folkerett. Vi vil jobbe for å motverke årsakene til krig og konflikt.

Når klimaendringar, naturøydelegging, ekskludering og fattigdom undergrev livsgrunnlag og moglegheita til eit verdig liv, blir folk drive på flukt, og konfliktar oppstår eller blir forsterka. Ei meir stabil verd med gode levekår for alle er òg i vår interesse. Noreg må derfor investere langt meir i miljø og rettferdig fordeling internasjonalt, og slutte å investere i miljøøydelegging, krig og okkupasjon. Samtidig må vi arbeide for å styrkje respekten for folkeretten, og støtte sivilsamfunn, fagrørsle og demokrati verda over.

SV vil:

- **arbeide for at Noreg signerer og ratifiserer FNs traktat om forbod mot atomvåpen, og at Nato går bort frå førstebruk av atomvåpen, og at Noreg held fram med å vere ei atomvåpenfri sone.**
- **styrkje FN som fredsaktør.** Vi vil auke kjernestøtta og støtte opp under arbeidet til FN med fredsbevarande styrkar for å stoppe krig og konflikt. Generalforsamlinga må få større makt, og vetoretten i Tryggingrådet må avviklast på sikt. Vi vil ta imot så mange flyktningar som FNs høgkommissær for flyktningar ber oss om.
- **trekkje oljefondet ut av fossil energi,** våpenselskap og okkupasjon. Vi vil at oljefondet trekkjer seg ut av all våpenindustri. Oljefondet skal ikkje bidra til brot på folkeretten.
- **stoppe global kapitalflukt.** Vi meiner at Noreg må tilbake i førarsetet for skatterettferd og gjeldssletting. Vi vil jobbe for ein sterk skattekonvensjon i FN, retningslinjer for ansvarleg långjeving og global selskapsskatt på minst 25 prosent.
- **at minst 1 prosent av brutto nasjonalinntekt (BNI) går til bistand.** Vi ønskjer at mottak av flyktningar i Noreg og globale fellesgode ikkje skal reknast som ein del av bistandsbudsjettet. Vi vil auke satsinga på lokalt sivilsamfunn, demokratiserings- og støtte til menneskerettsforsvararar.
- **auke og forbedre norsk klimafinansiering.** Vi vil innføre ein ny handlingsregel på 0,25 prosent av oljefondet til klimafinansiering og det

globale taps- og skadefondet. Vi vil styre klimainvesteringsfondet etter politisk vedtekne etiske retningslinjer. Kraftutbygging i regi av fondet skal kome lokalbefolkninga til gode. 50 prosent av norsk klimafinansiering skal gå til klimatilpassing og tap og skade.

- **setje ned ein fredskommisjon.** Denne vil vurdere korleis Noreg kan styrkje sitt konfliktførebyggjande og fredsskapande arbeid, både i nærområda og globalt. Saman med forsvars- og totalberedskapskommisjonane skal fredskommisjonen utgjere grunnlaget for tryggingsarbeidet til Noreg.

Del 2

Denne delen inneheld viktige, sentrale standpunkt for heile partiet, og dessutan prioriteringane for arbeidet i stortingsgruppa til SV.

2.1 Økonomisk politikk

Den norske samfunnsmodellen med små forskjellar slår sprekker. Stadig fleire blir milliardærar i Noreg, og dei store bedriftene går med rekordhøge overskot. Likevel har vanlege folk fått dårlegare råd, og talet på menneske som lever i fattigdom, har auka. Når 10 prosent av befolkninga lever i fattigdom, samtidig som dei rike får stadig større formuar, aukar ulikskapen. Å ha lite pengar fører til dårleg helse, dårlegare livskvalitet og kortare levetid.

Dei siste åra har vore særleg tøffe for mange, med både auka levekostnader og auka rente.

Den globale oppvarminga aukar, og alle er einige om at det grønne skiftet er viktig, men dei store pengestraumane går framleis til den fossile industrien. Noreg risikerer å sakke akterut når andre land sine investeringar blir grønne, medan vi held fram den same fossile linja. Den oljeavhengige norske økonomien gjev risiko for både klima, inntekter og arbeidsplassar.

- sikre at unge funksjonshindra personar som ønskjer å leige/eige eigen bustad, får rettleiing og støtte til å oppnå dette.
- innskrenke moglegheita til å vise til uforholdsmessig byrde som grunnlag for å unngå lovkrav om universell utforming
- innføre universell utforming som krav for å få offentlege tilskot eller løyvingar, og i offentlege anbod, med unntak for tilfelle der dette er openbert unødvendig
- førebyggje vald og overgrep mot menneske med nedsett funksjonsevne

Skeiv politikk

Ingen skal kjenne seg trua eller utsette på grunn av legninga eller kjønnsidentiteten sin. SV skal føre ein aktiv politikk for å sørgje for at

alle kan leve eit fritt liv og vere trygge i eigen identitet og legning.

SV vil:

- innføre ein tredje juridisk kjønnskategori
- gje transpersonar eit verdig helsetilbod, der ikkje-spesialiserte tenester blir desentraliserte og avmonopoliserte
- gjere helsestasjonen for kjønn og seksualitet i Oslo til eit nasjonalt kompetansesenter
- styrkje organisasjonar som jobbar med rettar innanfor kjønns- og seksualitetsmangfald, og finansierte haldningskampanjar og liknande som gjer det enklare for unge å stå trygt i eigen identitet

- gjere pater est-regelen kjønnsnøytral, slik at når nokon føder eit barn, blir ektefellen til personen registrert som medforelder, anten det er som far eller som medmor
- greie ut moglegheita for at barn kan ha fleire juridiske foreldre
- at menn som har sex med menn, skal få vere blodgjevarar på lik linje med resten av befolkninga, utan den særskilde karanteneordninga dei har i dag
- sørgje for at den nasjonale faglege retningslinja for kjønnsinkongruens blir følgd opp i praksis og blir styrande for helsebehandlinga av transpersonar
- styrkje den nasjonale innsatsen frå politiet mot hatkriminalitet og diskriminering av skeive og senke terskelen for å melde hatmotivert vald
- sørgje for at ikkje-binære transpersonar har like pasientrettar og lik rett på behandling som binære transpersonar
- sørgje for at transmenn blir inkluderte i mammografiordninga
- opprette ei erstatningsordning for personar som uønskt har måtta gå gjennom eit irreversibelt steriliseringsinngrep i samband med endring av juridisk kjønn, før dette kravet blei avvikla i 2016

Sanning og forsoning

Samane er urfolk i Noreg, med sine eigne språk, tradisjonar og næringar. Gjennom historia har staten ført ein politikk for å samisk språk, identitet viske ut, kultur og næring, og delar av statleg politikk har ført vidare fornorskande politikk inn i vår tid. Også dei nasjonale minoritetane kvener/norskfinnar og skogfinnar var utsette for fornorsking. Dette blei gjennomgått i rapporten frå Sannings- og forsoningskommisjonen om fornorskingspolitikken staten har ført mot samar, kvener/norskfinnar og skogfinnar. Den statlege fornorskingspolitikken har skapt sår og konflikhtar i mange lokalsamfunn, og styresmaktene har eit særleg ansvar for å leggje til rette for at desse sårå kan lækjast.

Fornorskingspolitikken av desse gruppene var altomfattande og langvarig, og det må òg politikken for å reparere skadane etter fornorskinga vere. SV vil sikre ei heilskapleg og systematisk oppfølging av rapporten frå Sannings- og forsoningskommisjonen, som òg ser til prosessane på finsk og svensk side. Nasjonale styresmakter, offentlege instansar og andre som er skuld i urett, må seie unnskyld og gå i gang med å rette opp i uretten. Stortinget må setje i gang ein gjennomgang av manglande gjennomføring av regelverk og kva for nokre strukturelle endringar som er nødvendige for å endre dette.

SV vil:

- vurdere å opprette eit frittståande, eksternt organ direkte under Stortinget som eit verkemiddel for å kontrollere oppfølginga til regjeringa og forvaltninga av rapporten frå Sannings- og forsoningskommisjonen
- styrkje samiske, kvenske og skogfinske institusjonar slik at dei er rusta til å oppfylle oppgåvene sine, og dessutan følgje opp tilrådingane frå rapporten frå kommisjonen
- sørgje for at kommunar, fylkeskommunar, direktorat og statleg forvaltning får tilstrekkeleg opplæring og overføringar slik at dei veit kva som er forpliktingane deira overfor Sametinget og andre samiske ramma partar
- utarbeide ein handlingsplan for gjennomføring av FNs erklæring om urfolksrettar i norsk lov
- etablere ein opptrappingsplan for kvensk/norskfinsk og skogfinsk språk og kultur, med særleg satsing på språkopplæring i skulen og kulturliv
- setje i gang ein samla gjennomgang av arealsituasjonen og verdien av reindrifta for samisk kultur, slik Sannings- og forsoningskommisjonen har føreslått
- setje i gang kartlegging og anerkjenning av rettar til grunn og naturressursar utanfor Finnmark, og ei ny forvaltningsordning for desse områda
- lovfeste retten sjøsamane hadde til fiske
- sikre at den samiske befolkninga har likeverdige og tilfredsstillande helsetenester, slik at Noreg oppfyller forpliktingane sine etter ILO 169. Det psykiske helsetilbodet må styrkjast og utvidast til heile den samiske befolkninga, uavhengig av bustad.
- etablere eit samisk kompetansesenter som skal sørgje for å auke kunnskapen i majoritetssamfunnet om fornorskinga, konsekvensane av henne og dessutan samiske perspektiv
- styrkje den politiske og administrative kapasiteten til Sametinget
- etablere ein opptrappingsplan for heile breidda av samisk kunst og kultur, for å styrkje språk, kultur, og utvikle kunst og kultur
- opprette eit eige samisk språkombod for å sikre at språk og opplæringsrettar blir oppfylte
- at det blir utarbeidd ein sannings- og forsoningsrapport om fornorskingspolitikken og menneskerettsbrotet til staten overfor romanibefolkninga

Likestilling og antirasisme

Rasisme og diskriminering er skadeleg og gjennomsyrrar heile samfunnet. Det er eit systemisk problem og må nedkjempast frå alle hald. Arbeidet mot rasisme og diskriminering må vere systematisk. Målet vårt er eit samfunn

der alle har like moglegheiter, uavhengig av kven ein er. For å knuse rasisme i alle former held det ikkje med eit fråvær av rasisme, det krev aktiv antirasistisk kamp, gjennom organisering og rettferdig politikk.

SV vil:

- styrkje eksisterande lover og reglar som vernar mot rasisme og diskriminering og sikrar rettstryggleiken
- sikre antirasistiske aktørar og frivillige organisasjonar som jobbar med antirasisme og inkludering i trygge og føreseielege rammer, og auke tilskotet deira
- ha ei særleg satsing på minoritetsdeltaking i arbeidslivet, der det blir stilt særlege krav til tiltak frå offentlege aktørar for rekruttering og lik behandling, særleg når det gjeld løn, forfremjing og kompetanseheving
- styrkje det nasjonale kompetansemiljøet innanfor hatkriminalitet i politiet
- føre vidare eigne handlingsplanar mot antisemittisme og islamofobi
- bevare rasismeparagrafen
- auke tilgangen på tolkar og gjere det enklare å få tolk
- sikre at vi har nok og relevant kunnskap om helse og sosiale forhold for minoritetar, og gjennomføre befolkningsundersøkingar i relevante område
- innføre ei nasjonal kvitteringsordning i politiet for å hindre etnisk profilering
- auke mangfaldet i livssyns- og samtaletenestene på offentlege institusjonar slik at tilbodet speglar behovet til befolkninga
- auke støtta til diskrimineringsnemnda for å sikre effektiv handheving av diskrimineringslovverket, og sikre at det er eit reelt lågterskeltilbod for personar som ønskjer å få si sak vurdert
- styrkje arbeid for språk og kultur for dei fem folkegruppene som har status som nasjonale minoritetar i Noreg: jødar, rom, kvener, romani og skogfinnar
- stille krav til kjønnsrepresentasjon i styra til trus- og livssynssamfunn og trekkje statsstøtte frå trus- og livssynssamfunn som driv med negativ sosial kontroll
- sikre fri rettshjelp i rasisme- og diskrimineringssaker
- leggje til rette stillingar for personar med avgrensa norskkunnskap og tilby språktrening i arbeidstida
- at alle skuleeigarar skal ha ein handlingsplan mot rasisme

2.6 Ein rettferdig og human flyktning- og asylpolitikk

Historisk mange menneske har lagt på flukt frå heimen. Flyktningleirar er overfylte, og fattige naboland tek mesteparten av byrda. Framveksten av autoritære regime gjer asylretten stadig viktigare. Iranske feministar, ugandiske homofile, russiske krigsmotstandarar og kinesiske uigurar er berre nokre av døma på menneske som risikerer fengsel, tortur eller drap i heimlandet for den dei er, og det dei trur på. I tillegg, i grenseområda til Europa blir frivillige hjelpearbeidarar straffeforfølgde og

trakasserte for å hjelpe menneske på flukt. Sivile redningsoperasjonar i Middelhavet må få fritt leide utan straffeforfølgning og omfattande restriksjonar.

SV meiner at Noreg må ta sin del av ansvaret og gje menneske på flukt ei trygg hamn på ein verdig måte. Noreg skal føre ein solidarisk, rettferdig og raus flyktning- og asylpolitikk som følgjer tilrådingar frå FN og flyktningkonvensjonen.

Noreg må ta sin del av ansvaret

Talet på flyktningar er historisk høgt, og stadig fleire risikerer liv og helse for ei trygg hamn i Europa, men den nye asylpakta i EU byggjer høgare murar rundt kontinentet, og stadig fleire europeiske land opnar for å sende asylsøklarar

til tredjeland i strid med asylretten. Noreg har historie og kultur for å ta imot folk i naud. SV meiner at Noreg må ta sin del av ansvaret.

SV vil:

- ta imot 5000 overføringsflyktningar årleg, slik FN tilrår
- avgrense bruken av mellombels opphald. Varig opphald skal vere hovudregelen.
- gjere familiesameining enklare og rimelegare, og utvide denne retten til å omfatte fleire familiemedlemmer
- innføre utvida ordningar for familiesameiningar for innbyggjarar frå land der Noreg har hatt eit særleg internasjonalt engasjement, og der det går føre seg prekære humanitære- og fluktsituasjonar
- relokalisere båtflyktningar frå Hellas, Italia og andre europeiske land med høge innkomstar
- at asylmottak skal vere i offentleg og ideell regi. God bemanning, kvalifisert personell og godt aktivitetstilbod skal vere norma.
- at asylsøknader skal behandlast i Noreg, og personane som søker asyl i Noreg skal bu på norske mottak og ikkje sendast til tredjeland medan søknaden blir behandla
- gje vern til regimekritikarar frå Russland, Belarus og land som utviklar seg i tilsvarande diktatorisk retning, og halde oppe fluktmoglegheiter til Noreg

- at kommunane skal sikrast tilskot frå Husbanken til å kjøpe eller byggje kommunale bustader når vi skal busetje flyktningar
- gå imot forslaget om skiping av flyktningmottak utanfor Noreg
- at det skal finnast eit dropp-inn-tilbod i flyktningtenestene med digital støtte for BankID og liknande
- at den statlege ekstratilskotsordninga som tilfører kommunane midlar ved busetjing av flyktningar med kjende sjukdommar eller funksjonsnedsetjingar, skal vare i minimum 10 år

Rettstryggleik

Asylsøklarar er blant dei som har dårlegast rettstryggleik i Noreg. Asylsøklarar har rett til å klage på avslag, men sjeldan rett til å bli høyrde eller motseie utlendingsstyresmaktene. Resultatet er at viktig informasjon ikkje kjem

på bordet. Dei siste åra har UNE tapt mellom 35 og 45 prosent av sakene som har blitt tekne opp i ein rettssal. Svært få har råd til å gå rettens veg. SV meiner det er på høg tid med ei reform av Utlendingsnemnda.

SV vil:

- gjeninnføre rimeleg-vilkåret i internfluktvurderinga av asylsaker
- innføre foreldingsfrist på tilbakekalling av statsborgarskap og opphaldsløyve for personar som har budd i landet i meir enn ti år
- reformere Utlendingsnemnda ved å gje asylsøklarar rett til kontradiksjon, topartsprosess og meir munnlegheit i klagesakene. Fleire saker skal behandlast i nemnd med personleg frammøte.
- styrkje dei frivillige rettshjelpstiltaka
- sikre rettane til statslause. Ein definisjon av statsløyse må innførast i lovverket, og det må òg ein statsløyseprosedyre og eit eige opphaldsgrunnlag for statslause.
- evaluere UDI sin bruk av biologiske aldersundersøkingar og vektinga deira av aldersestimering

Til beste for barnet

Vi har eit særskilt ansvar for å gje tryggleik til barn på flukt. Barn som søker vern åleine, er ei spesielt sårbar gruppe. Kva som er til beste for barnet, må vege tyngre enn

innvandringsregulerande omsyn, og barn skal aldri bli stilte til ansvar for handlingane til foreldra.

SV vil:

- overføre omsorga for einslege mindreårige asylsøkjjarar til barnevernet
- lovfeste retten til barnehage og SFO for barn som bur på mottak
- fjerne ordninga med mellombels opphaldsløyve for einslege mindreårige asylsøkjjarar
- forby internering av barn under EU-pakta
- arbeide for at barnevernet får plikt til å undersøkje omsorga for einslege mindreårige asylsøkjjarar som bur privat med følgjeperson
- arbeide for at forsvinningar skal etterforskast skikkeleg
- sikre barns rett til å bli høyrde og at det blir lagt større vekt på kva som er til beste for barnet, særleg i saker med utvising av ein forelder
- reversere butidskravet for flyktningar og familien deira frå fem til tre år

Integrering og inkludering

Inkludering av innvandrarar må starte frå dag éin, med god norskopplæring og moglegheit til deltaking i arbeids- og samfunnsliv. Vi

treng folk for å tryggje velferdsstaten vår. Det er derfor ei stor utfordring at for mange innvandrarar blir ståande utanfor arbeidslivet.

SV vil:

- at lengeverande asylsøkjjarar med endeleg avslag skal få varig opphald på humanitært grunnlag seinast ti år etter registrering
- sikre papirlause migrantar rett og reell tilgang til nødvendig helsehjelp
- gjeninnføre retten til norskopplæringa for asylsøkjjarar – med eller utan opphald
- at lengeverande og ureturnerbare asylsøkjjarar må få rett og tilgang til helsehjelp, arbeid, bustad og utdanning

- styrkje introduksjonsprogrammet. Vi må sikre at all grunnleggjande kvalifisering kan takast og fullførast innanfor ordninga, og tilpasse regelverket slik at fleksibilitet med omsyn til lengd blir sikra.
- styrkje arbeidet mot arbeidslivskriminalitet, mellom anna for å hindre utnytting av arbeidstakarar med låge norskferdigheiter
- styrkje norskundervisninga og fagopplæringa for mindreårige flyktningar og asylsøkjjarar
- gje alle nykomne ungdommar i aldersgruppa 12–18 gratis fritidsaktivitetar
- at alle flyktningar som søker opphald i Noreg, får like rettar, uavhengig av kva land dei kjem frå
- innføre ei amnestiordning for menneske som har opphalde seg i Noreg i over fem år, og som staten ikkje har klart å returnere
- at det skal bli enklare for flyktningar med relevant fagutdanning å få godkjent utdanninga i Noreg slik at dei kjem raskt ut i arbeid



2.7 Oppvekst og utdanning

Noko av det viktigaste vi gjer som samfunn, er å bidra til ein god oppvekst, god allmennkunnskap og utdanning for barn og unge. Det er viktig at vi har barnehagar og skular som er i stand til å møte kvar enkelt på deira premissar, og som kan sørgje for leik, læring, meistring og trivsel. Likevel er kvardagen til tilsette som skal gjere om måla til praksis, svært krevjande, med for få folk på jobb og ressursar som ikkje strekk til.

SV vil satse meir på dei menneska som tek vare på ungane våre. Med tilstrekkeleg kompetente

Fleire tilsette i skule og barnehage

Norske barnehagar og skular er underbemanna. Tilsette arbeider under stort press, sjukmeldingar er utbreidd, og vi har eit stort rekrutteringsproblem.

Vi treng fleire tilsette med rett kompetanse. Forsøk har vist at auka bemanning gjev gode

lærarar, barnehagetilsette og andre tilsette vil vi gjere dei i stand til å tilpasse og møte kvart enkelt barn og ungdom. Fleirkulturell bakgrunn og kompetanse blant tilsette er ein viktig ressurs. Vi vil gjere barnehagar og skular meir praktiske og fysiske, med større rom for trivsel, leik og meistring. Ingen skal drive butikk på ungane våre, og vi skal jobbe for at alle økonomiske tilskot til barnehagar og skular kjem ungane til gode.

resultat, mindre sjukefråvær og meir trivsel. SV vil avbyråkratisere lærarrolla, slik at dei får utført sitt faktiske virke, og at barn og unge får den heilskaplege oppfølginga dei treng.

SV vil:

- ha fleire tilsette i barnehagen. Styrkje rammene i bemanningsnorma og sikre forsvarleg bemanning i heile opningstida. Det må setjast inn vikarar ved fråvær. Store private barnehageeigarar og kommunar bør ha fast tilsette vikarar.
- styrkje lærarnorma i skulen, ha fleire tilsette i skule og SFO, styrkje skulehelsetenesta og få fleire sosiallærarar, spesialpedagogar, barne- og ungdomsarbeidarar og miljøterapeutar i skulen
- styrkje finansiering og retten til etter- og vidareutdanning og arbeidsplassert utdanning for faggrupper som er knytte til barnehage og skule
- ha eit gratis SFO-tilbod av høg kvalitet og med fleire tilsette. SFO skal vere open i timane før og etter skuletid for 1.–4. trinn og for barn med særskilde behov på 1.–7. trinn.
- at betalingsaktivitetar som ikkje er i kommunal regi, ikkje skal gå føre seg på skuleområdet i SFO-tida
- sikre gratis kjernetid i SFO også for 4. trinn

Ein praktisk og variert skule for alle

SV vil arbeide for ei styrking av dei praktiske og estetiske faga i grunnskulen. Målstyringa i skulen har gått for langt. Standardiserte prøvar og teoretisering har resultert i for mykje pugging og for lite praktisk læring og fysisk aktivitet. I ungdomsåra gjev dette seg uttrykk i for mange som ikkje fullfører vidaregåande opplæring. Men problemet oppstår ofte allereie i 1. klasse, fordi føresetnaden for seksårsreforma – læring gjennom leik – ikkje er følgd opp. Dette rammar spesielt mange gutar.

SV vil ha ein motiverande skule der kvar enkelt elev får nødvendig støtte og oppfølging til å fullføre skulegangen sin. SV vil ha ein inkluderande fellesskule med ein praktisk og variert skuledag, der skulen dyrkar fram eit større mangfald av ferdigheiter. Skulen må sikre behova til dei minste barna for fysisk aktivitet og fri leik. Lærarane må ha gode rammer og pedagogisk fridom. Ein meir praktisk skulekvardag krev fleire ressursar og lærarar med adekvat kompetanse.

SV vil:

- behalde dagens tiårige grunnskule med skulestart for seksåringar, men at 1. klasse i større grad skal pregast av læring gjennom leik og praktisk-estetiske fag i tråd med evalueringa
- erstatte heimelekser med skulelekser i grunnskulen
- reversere delar av timetalsutvidingane og heller prioritere auka lærartettleik og oppfølging, framfor stadig meir teoretisering av skulen
- sørgje for at alle elevar har tilgang til tilpassa læremiddel og universell utforming ved skulane sine gjennom å etablere ei ordning med rentefrie lån for universell utforming av skulebygg, og dessutan ein forpliktande tidsfrist om at alle skular skal vere universelt utforma innan 2035
- sikre ei god sidemålsopplæring med eigen karakter i ungdomsskule og i studieførebuande opplæring, og sikre at nynorskelevar har like gode vilkår i skulen som bokmålslevar
- styrkje teiknspråkopplæringa og opplæringa i alternativ og supplerande kommunikasjon (ASK). Vi må sørgje for at alle ASK-språklege og teiknspråklege elevar får sikra retten til opplæring i og på ASK og teiknspråk på ein fullverdig måte. Kvaliteten må vere god nok, og elevane må få høve til å vere og lære i eit ASK og teiknspråkleg miljø på skulen.
- setje i verk tiltak for barn og ungdom med ufrivillig skulefråvær, eller som står i fare for å ikkje fullføre utdanningsløpet, slik som produksjonsskulane
- styrkje dei regionale kunnskapssentera som landsdekkjande verkemiddel for ein meir praktisk skule
- sørgje for at retten til opplæring i og på samiske språk for samiske elevar blir innfridd. Det trengst meir læremiddel. Vi vil fjerne kravet om master ved samiskundervisning for å rekruttere fleire samiske lærarar.

- la elevar på ungdomsskulen velje to valfag i året, utan å auke det totale timetalet på skulen
- sørgje for at unødvendige arbeidsoppgåver og administrative oppgåver, og rapporteringskrav, blir fjerna frå grunnskulelæraren gjennom ei tillitsreform
- innføre gratis måltid kvar dag i grunnskulen og vidaregåande skule
- i større grad ta naturen i bruk som læringsarena for å gjere skuledagen meir variert og praktisk, styrkje naturforståinga og bidra til fysisk aktivitet
- ha eit sterkare lov- og forskriftsfesta samarbeid mellom kulturskulen og grunnskulen
- leggje til rette for seinare start på skuledagen for elevar på ungdomsskule og vidaregåande skule
- fjerne dagens fråværsgrænse og sikre at elevar med høgt fråvær får den oppfølginga og tilrettelegginga dei treng for å fullføre vidaregåande
- fjerne eksamen – fordi alternative vurderingsformer er rettferdige og gjev betre læringsmiljø
- opprette ei ordning som gjer det mogleg å hoppe frå studieførebuande linje til yrkesfag utan å måtte ta eit heilt år om igjen
- auke prosentdelen som fullfører yrkesfagleg utdanning ved å ta i bruk alternative vegar til fagbrev, slik som Steigen-modellen
- sikre at lærarane får tilstrekkeleg tid til å følgje opp elevar som er utplasserte i bedrift i faget yrkesfagleg fordjuping, ved at dei får tildelt alle timane i faget
- innføre eit nasjonalt mobilforbod i grunnskulen, når han ikkje blir brukt til pedagogiske føremål
- at skjerm i barnehage og skule skal brukast på læringsfremjande måtar. Bruk av skjerm skal ikkje vere ein erstattar for nærværet til læraren, og bruk av digitale læringsressursar skal vere pedagogisk grunngjeve.
- sørgje for fleire fysiske bøker i skulen
- at alle skular skal ha skulebibliotek
- gje lærlingar likt stillingsvern som andre arbeidstakarar
- lovfeste retten til læreplass
- auke og fullfinansiere utstyrsstipendet på vidaregåande skule
- ha heilskapleg undervisning om seksualitet, sunne relasjonar, vald og grensesetjing frå barnehage opp til vidaregåande skule. Dette inkluderer tilbod retta mot unge.

Profittfri oppvekst

Dagens barnehagepolitikk reduserer valfridommen til foreldra. Ved redusert behov for barnehageplassar blir kommunar tvinga til å leggje ned gode og populære kommunale barnehagar fordi dei ikkje har mynde til å planleggje det heilskaplege barnehagetilbodet. Foreldre og barn risikerer dermed å miste gode og populære kommunale barnehagar.

Digitaliseringa i skulen har tilrettelagt for ein auke i nærværet av kommersielle aktørar i skulekvardagen til ungane. Dette utfordrar personvernrettane til barna. Bedriftsmodellane til dei digitale verktøya som blir brukte i skulen

i dag, er grunnlagde på overvakingsbasert reklame og algoritmar som kan ha negative effektar på den mentale helsa til barn og unge.

Målet til SV er ein profittfri barnehagesektor, der kvar krone til barnehagane skal gje kvalitet til det pedagogiske tilbodet og gode arbeidsvilkår for dei tilsette. Det er behov for ei demokratisk styring av både det offentlege og det private barnehage- og skuletilbodet, slik at kommunane og fylkeskommunane kan planleggje for eit heilskapleg tilbod og talet på private plassar blir redusert.

SV vil:

- gje kommunane høve til å prioritere ideelle framfor kommersielle aktørar
- sørgje for at kommunane har, og brukar, forkjøpsrett til private barnehagar. SV vil tidsavgrense tilskotet til private barnehagar.
- at alle økonomiske tilskot til barnehagar og skular kjem ungane til gode. Eigarar av private barnehagar og skular skal ikkje kunne ta ut profitt.
- forhindre at digitale tenester utnyttar barn og unge. Vi må sørgje for strengare regulering og handheving av kommersielle aktørar som tilbyr digitale tenester retta mot barn og utdanning.
- sikre at dei digitale verktøya til skulen er reklamefrie og sikrar personopplysningane til barn. Det må derfor utviklast egne ikkje-kommersielle læringsressursar og læringsplattformer for skuleverket.
- endre tilskotsordningane for private barnehagar slik at dei ikkje går utover drifta i kommunale barnehagar, og gjev høve til satsing i levekårsutsette område

2.8 Forsking og høgare utdanning

Forsking byggjer samfunn. Nysgjerrighetsdriven forskning og høgare utdanning gjev oss kunnskap om vår eiga historie, innsikt om mennesket og naturen, skjerpar kritisk sans og evne og er nødvendig for å løyse utfordringar som klimakrisa og

kreftgåta. Dessverre ser vi at målstyring og kommersialisering svekkjer den frie og opne forskinga. I ei verd der alternative fakta breier seg, treng vi meir enn nokosinne fagskular, høgskular og universitet for alle, uavhengig av inntekt, og fri og open forskning.

Forsking

Tilliten til forskning er under press, mellom anna grunna falske nyheiter og press på ytringsfridommen. Vi er avhengige av ein sterk kunnskapssektor vi kan stole på.

Vi vil sikre fri, offentleg finansiert forskning for å utvikle ny kunnskap og finne dei løysingane

samfunnet faktisk treng. Vi treng ein forskingssektor med sterke fagmiljø over heile landet – regionale bemanningsutfordringar blir løyste best med ein mangfaldig og desentralisert universitets- og høgskulesektor. Skal vi lykkast med grøn omstilling og redusere skilnadene, treng vi fri forskning.

SV vil:

- at ein større del av ressursane i samfunnet blir brukte på forskning. SV vil sikre ei høg grunnløyving til universiteta og høgskulane, auke basisløyvingane til forskingsinstitutta og sikre fleire frie og forskarinitierte prosjekt.
- at den akademiske fridommen blir styrkt og respektert, både for forskarar og institusjonar. SV vil grunnlovsfeste den akademiske fridommen.
- få ned omfanget av mellombels tilsetjing av vitskaplege og teknisk-administrativt tilsette
- redusere arbeidspresset for vitskapleg tilsette mellom anna gjennom betre administrativ støtte og færre rapporteringskrav
- bruke meir av forskingsressursane til forskning på grøn og rettferdig omstilling
- etablere eit nasjonalt kompetansesenter for samisk innhald i lærarutdanningane
- nedkjempe ulovleg bruk av mellombelse stillingar ved universitet og høgskular, såkalla lufting, og sikre rett til faste tilsetjingar

Studentar

Skal vi sikre kunnskap for ei berekraftig samfunnsutvikling, er vi heilt avhengige av at det ikkje er lommeboka til foreldre som avgjer kven som kan ta seg råd til å studere. SV vil derfor sikre like moglegheiter for høgare utdanning for alle. Studiestøtta er for låg

og forsterkar klasseskiljet innanfor høgare utdanning. All offentleg høgare utdanning skal vere gratis. Gratisprinsippet skal òg gjelde for internasjonale studentar utanfor EU/EØS og Sveits.

SV vil:

- auke studiestøtta til 2G. 40 prosent skal gjevast som stipend etter fullførte studiepoeng
- byggje fleire studentbustader, òg ved mindre studiestader. SV vil byggje 6000 studentbustader i året, til målet om ein nasjonal dekningsgrad på 30 prosent er nådd. Vi vil òg innføre tilskot til renovering av eldre studentbustader.
- sikre tilstrekkeleg og føreseieleg finansiering av helse- og meistringstenestene til studentane
- sikre høgare verdsetjing av undervisningskompetanse og krav til pedagogisk kompetanse hos undervisningspersonell
- gjere det lettare å få barn som student. SV vil auke støtta for studentar med barn og dessutan styrkje rettane for gravide og studentar med barn.
- sikre funksjonshindra studentar rett til funksjonsassistanse under utdanning, både i skulekvardagen og i praksisperiodar i samband med studiar
- endre opptakssystemet til høgare utdanning, slik at relevante karakterar kan vektast høgare til hovudopptaket, og opprette ein sideveg der mellom anna relevant arbeidserfaring kan vektleggjast
- ha fleire studium med opptaksprøver, intervju og liknande ordningar for opptak
- sikre at utdanningsinstitusjonane må leggje til rette for studentpolitisk arbeid, og dessutan at studentpolitisk arbeid er gyldig fråvær
- bruke kvotering og andre verkemiddel for å få fleire menn inn i helse- og oppvekstutdanningar, og for å få fleire kvinner inn i realfag og teknologi, der det er skeiv kjønnsbalanse
- fjerne kravet om eigenbetaling for studiar for studentar frå utanfor EØS
- satse på profesjonsutdanningar i heile landet, for å styrkje rekruttering til velferdsyrke i Distrikts-Noreg
- støtte fleksible og desentraliserte utdanningar

Styrkje den yrkesfaglege utdanninga

Dersom fagarbeidarane framleis skal spele ei viktig rolle for innovasjonen i norsk arbeidsliv og det grøne skiftet, krev det nok lærlingplassar, vidareutdanning og kompetanseheving. I dag manglar det gode nok vidareutdanningsmoglegheiter for fagarbeidarar, og arbeidslivet får ikkje den kompetansen dei treng.

SV vil byggje ut fagskuleutdanningane, både i breidda og djupna, for å styrkje yrkesvegen frå vidaregåande utdanning til høgare yrkesfagleg utdanning. Men det må skje på ein slik måte at det styrkjer eigenarten og den erfaringsbaserte utdanninga som kjenneteiknar fagskulane.

SV vil:

- auke talet på studieplassar på fagskulane for å kome det grøne skiftet og bemanningsbehov i helsesektoren i møte
- styrkje kvaliteten og sikre ei meir rettferdig og føreseieleg finansiering av fagskuleutdanning
- gje fagskulane høve til å byggje seg opp som ein sjølvstendig utdanningsveg, på eit høgare nivå enn i dag. Målet er å sikre at fagarbeidarar får tilstrekkeleg vidareutdanning som svarar til kompetansekravet i arbeidslivet.
- auke lærlingtilskotet slik at det kan bli fleire lære-plassar i privat sektor, og dessutan øyremerkje midlar til fleire lærlingar i det offentlege
- innføre tiltak som motverkar den kjønnsdelte arbeidsmarknaden i yrkesutdanningane

2.9 Kommunal

Folk skal ha makt over lokalsamfunnet sitt, også mellom val. Det skal vere mogleg og godt å bu i heile landet. SV jobbar for å styrkje kommuneøkonomien slik at alle kommunar kan gjennomføre oppgåvene sine med høg kvalitet. Den statlege prosentdelen av tilskot til særleg ressurskrevjande tenester må aukast.

Bustad

Bustad har blitt ei av dei største ulikskapsmaskinene i dagens samfunn, der arv, flaks og moglegheita til å tole ei enorm gjeldsbelastning avgjer om ein kjem inn på bustadmarknaden. Dei færraste har råd til å kjøpe bustad i byane og pressområda rundt, noko som fører til at folk med vanlege løningar blir flytta ut av sentrumsnære bustadområde.

SV ønskjer å gjenreise ein sterk sosial bustadpolitikk og ha tiltak som kan stoppe bustadspekulasjon. Bustad skal vere ein heim – ikkje noko å spekulere i. Det hastar med å få bygd fleire bustader, men vi må samtidig sørge for at vi byggjer dei rette bustadene. SV vil byggje gode, trygge og stabile alternativ

Lokalpolitikarar skal ha ein stor verktøykasse for å sikre behovet og kompetansen til innbyggjarane til å gjere vedtak som sikrar sårbar natur. Bustadpolitikken til SV skal sørge for trygge bustader for alle.

for dei som ikkje eig eigen bustad. Vi må ha ein langsiktig politikk som sikrar ein allmenn bustadsektor (ikkje-kommersiell utleige). Dagens utleigemarknader er for sårbare, og leigetakarar har ofte dårlege og ustabile buforhold. Det må byggjast fleire regulerte utleigebustader som dekkjer dei reelle bustadbehova, både i byar og i distrikta. Vi må styrkje rettane til leigetakarar, slik at dei som ikkje eig eigne bustader, får gode og stabile bualternativ. Vi treng òg fleire tilpassa bustader som sikrar at eldre kan bu trygt heime når hjelpebehovet aukar. Det er ein menneskerett å ha ein trygg og god stad å bu, og det må politikken reflektere.

SV vil:

- opne opp for at Husbanken igjen skal kunne tilby privatpersonar vanlege bustadlån. Ein del av fortienesta til Husbanken skal saman med overføringar frå Stortinget bidra til rimelege startlån og sosial bustadbygging.
- leggje til rette for fleire kommunale og ikkje-kommersielle tomte- og utbyggingsselskap for å drive fram bustadbygging
- greie ut om Husbanken skal tilby rimelege lån og lånegarantiar til offentlege og ideelle tomte- og utbyggingsselskap og ikkje-kommersielle bustadbyggjarlag, til bygging av ikkje-kommersielle bustader
- sikre at kommunar kan stille krav om bygging av ikkje-kommersielle bustader og utleigebustader, og stille krav om tidsfristar for realisering av nye reguleringsplanar
- etablere og gje tilskot til å byggje opp ein ikkje-kommersiell utleigebustadsektor, med pris- og omsetnadskontroll
- gje Husbanken utvida lånerammer og ei tydelegare rolle i bustadpolitikken.

Husbanken skal kunne gje startlån til fleire enn dei gjer i dag.

- greie ut moglegheita for å redusere meirverdiavgifta på bygging av nye bustader i distrikta, med det målet at innbyggjaren sit att med lågare kostnader
- etablere ei sameigeordning for førstegongskjøparar i Husbanken for låntakarar som har betalingsevne, men manglar eigenkapital. Ved sal tek Husbanken sin del av tap eller gevinst.
- byggje fleire studentbustader, slik at studentar får tilgang til rimelege bustader utanfor den private leigemarknaden
- at prisnivået på kommunal- og omsorgsbustader må regulerast på nivå med drifts- og vedlikehaldskostnader, og ikkje etter gjengs leige
- innføre høgare skattlegging og strengare regulering av dagsutleige i privateigde bustader
- ha ei progressiv skattlegging på bustad og annan eigedom og fjerne grensa for maksimal eigedomsskatt. Kommunane skal ha høve til å setje høgare eigedomsskatt på sekundærbustader.
- regulere kredittgjevinga til bankane, slik at førstegongskjøparar lettare får tilgang til kreditt og det blir mindre gunstig å ta opp lån til kjøp av sekundærbustad
- ta i bruk fleire verkemiddel for å kontrollere leigemarknaden og styrkje rettane til leigetakarar. I område der prispresset er stort, bør kommunane kunne setje ein makspris per kvadratmeter.
- sikre alle retten til ein stad å bu. Kommunar skal ikkje ha høve til å kriminalisere bustadløyse.
- opne for at kommunar kan innføre turistskatt slik at turismen blir dreidd i meir berekraftig retning. Turistskatt skal gå til den aktuelle kommunen.

Levande lokalsamfunn

Ein vedvarande sentraliseringsprosess pressar dei fleste kommunar i Noreg. Mange distriktskommunar slit med fråflytting, minkande befolkning og redusert skatteinngang, og må utvikle strategiar for å skape arbeidsplassar, rekruttere fagfolk og halde oppe den offentlege tenesteytinga. Sentrale kommunar må finne løysingar på alle dei utfordringane tilflyttinga skaper, som stor

etterspurnad etter bustader og byggjeklare tomter, utbygging av kommunal infrastruktur, sosiale konflikhtar i nye bumiljø og press på areala.

For å sikre grunnlag for levande og attraktive lokalsamfunn over heile landet vil SV motarbeide den sterke sentraliseringa. Eit samfunn treng stabil befolkningsutvikling for å utvikle fellesskap og godt fungerande

lokalt demokrati – SV kallar det nærmakt – og kommunane treng oversiktlege og stabile økonomiske rammer for eiga drift.

SV vil motverke sentralisering gjennom tiltak på mange felt. Det er avgjerande for busetjinga

at lokalsamfunna får høve til auka verdiskaping på grunnlag av sine egne ressursar, og at kommunane i større grad, og innanfor nasjonale rammer, tek avgjerder som gjeld egne innbyggjarar.

SV vil:

- styrkje fylkes- og kommuneøkonomien, slik at lokale folkevalde kan gjere reelle val, sikre gode velferdstenester og sikre nok ressursar til å jobbe meir systematisk og heilskapleg i møte med demografiutfordringane
- at inntektssystemet til kommunane og fylka blir utforma for å tilby likeverdige tenester i heile landet
- utvide og forsterke ordningane med områdeløft på stader med mykje fattigdom og levekårsutfordringar
- sørgje for utbygging av digital infrastruktur i heile landet
- gjere det meir attraktivt for unge å flytte til distrikta. SV vil vurdere å gje flyttetilskot til unge under 30 år som vil flytte til distriktskommunar.
- leggje til rette for at fleire arbeidstakarar kan jobbe desentralisert frå kontorplassar og kontorfellesskapar i distrikta
- ta initiativ til å greie ut utflytting/lokalisering av fleire statlege arbeidsplassar til regionsenter i distrikta
- bruke Kommunalbanken til å styrkje berekraftsarbeidet i kommunane gjennom fleire grøne lån. Kommunale og fylkeskommunale pensjonspengar og andre fondsmidlar skal trekkjast ut av fossil energi.
- gje kommunane lov til å gjere kommunale avgifter avhengige av inntekt og formue. I dag blir hushald med låg skatteevne ramma urimeleg hardt av høge avgifter.
- greie ut moglegheita for utvida skattleggingsrett for kommunar og fylkeskommunar, for å auke demokratisk medverknad i den lokale økonomiske politikken
- sikre ein heilskapleg Nord-Noreg-plan som set overordna mål for utviklinga i regionen. Planen skal leggje vekt på å fremje befolkningsvekst, styrkje næringsutvikling, forbetre infrastruktur, bidra til auka mattryggleik og bevare den spreidde busetjinga som er ein viktig del av identitet og samfunnsstruktur i Nord-Noreg.

Areal

Naturen vi forvaltar, er ein ressurs, ikkje ei vare. Likevel gjer svak kommuneøkonomi at mange lokalpolitikarar opplever at dei må seie ja til utbygging. Natur med viktige kvalitetar, som skog, våtmark, beitar og dyrka mark, blir bygd ned. Det økologiske mangfaldet og mattryggleiken vår blir redusert.

SV står for ein arealpolitikk som vernar naturmangfaldet og matjorda. Fordi det er kommunane som forvaltar det aller meste av areala våre, er det avgjerande at lokalpolitikarane har det beste moglege grunnlaget for å gjere vedtak.

Kommuneadministrasjonen må ha tilstrekkeleg miljøfagleg kapasitet, og dei folkevalde må sikrast god opplæring i relevante lovverk som plan- og bygningslova og naturmangfaldlova. Det må innførast eit rammeverk for å ta i bruk urfolkskunnskap og lokal tradisjonell kunnskap i naturforvaltning og planarbeid. SV vil føre ein arealpolitikk som reduserer transportbehovet og stimulerer til fortetting, sikrar matjord og naturmangfald, sikrar universell utforming og fremjar levande sentrum i byar og tettstader. SV er imot utbygging av nye hyttefelt i område og kommunar der utbygging medfører negative konsekvensar for natur og lokalsamfunn.

SV vil:

- lovfeste eit nasjonalt mål om arealnøytralitet og innføre krav om arealrekneskap nasjonalt, fylkesvis og for kvar enkelt kommune
- arbeide for at ulike sektorar etablerer ein samlande og nasjonal standard for kartlegging av natur som grunnlag for vedtak av arealbruk
- sikre oppdaterte arealdata gjennom felles offentlege karttenester
- unngå nedbygging av natur så langt det går. I tilfelle der natur blir bygd ned, skal det alltid kompensast ved at tilsvarande naturverdi blir restaurert. Dette skal finansierast av utbyggjaren.
- setje kommunane i stand til å ta ansvar for klima og natur gjennom tilskotsordningar og inntektssystemet
- styrkje arbeidet med restaurering av øydelagd eller minka natur både i statleg og kommunal regi
- sikre at det vernet naturen har, faktisk blir halde oppe i praksis. Det må bli vanskelegare å gje dispensasjon frå lover og planar som er meinte å verne naturen. Innvendingssaker må behandlast raskt nok til å kunne påverke avgjerder.
- at samiske interesser som blir ramma i arealsaker og har rett til å bli konsulterte, blir sikra tilstrekkelege ressursar og kapasitet i desse prosessane
- at ansvaret for plan- og bygningslova, og dermed myndet i klagesaker, skal tilbake til Klima- og miljødepartementet

- føre vidare arbeidet med marine grunnkart for kyst- og fjordområda, og få på plass fungerande fellesløysingar for kart og kartdata for kommunal planlegging, tryggleik og beredskap, klima og natur
- sikre bygg og infrastruktur mot konsekvensane av meir ekstremvêr og havstiging. Vi vil sørge for at nye infrastrukturprosjekt er tilpassa klimaet i framtida.
- innføre forbod mot nedbygging av myr og andre område med høg evne til karbonopptak og -lagring og stort naturmangfald
- innføre ein handlingsregel for natur slik at ingen kommunar kan godkjenne nedbygging av grøne område før dei har vist at det ikkje finst alternative grå areal
- stimulere kommunane til å oppheve eller revidere planar (planvask) som ikkje tilfredsstiller dagens krav
- opprette bynaturparkar etter svensk og finsk modell. Bynaturparkar er verneområde som omfattar både natur- og kulturverdiar i bynære strøk.



2.10 Miljø

Klimakrisa og naturkrisa er eksistensielle kriser. Utan omfattande tiltak vil oppvarming av kloden og tap av naturmangfald føre til at store område blir ubuelege, moglegheitene til matproduksjon dramatisk endra og ei rekkje andre økosystemtenester borte eller reduserte. Vi ser allereie konsekvensane i form av hetebølgjer, tørke, flaum og skred i Noreg og resten av verda. I tillegg er vi i ferd med å forgifte kloden med miljøgifter og plastforsøpling.

SV meiner naturkrisa og klimakrisa må løysast i samanheng. Vi må kutte klimagassutslepp samtidig som vi stansar nedbygginga av natur. Det vil seie at vi må forbruke mindre, og dei rikaste i verda må ta sin del av utsleppskutta.

Kutte klimagassutslepp

Neste stortingsperiode vil vere avgjerande for evna vår til å stille om norsk økonomi slik at vi når klimamåla og oppfyller dei internasjonale klimaforpliktingane våre. For å nå måla i Parisavtalen må verda omstille seg bort frå fossil energi. Noreg må òg ta konsekvensen av dette og omstille både produksjon og forbruk av energi frå fossilt til fornybart så fort som mogleg. Det hastar òg å redusere energibruken i alle delar av økonomien. Noreg er i dag eit av dei tre landa i verda som har høgast forbruk av energi per innbyggjar.

Fastlandsindustrien er heilt avhengig av å lykkast med klimatiltak for å halde oppe lønsemd og konkurransekraft. Alternativet til at industrien gjennomfører tiltak i Noreg, er at selskapa gjennomfører investeringane i andre

Vi må få på plass løysingar som gjev klimakutt i industrien, fase ut petroleumsproduksjonen og redusere utsleppa frå transportsektoren. Vi må prioritere kvar vi byggjer i naturen, og ikkje gje frislepp til nye hyttefelt og motorvegar. Vi treng ei heilskapleg arealforvaltning, slik at ikkje natur blir bygd ned stykkevis og delt. Vi har behov for å reparere meir øydelagt natur. Kulturlandskap og kulturminne er viktig for identiteten og forståinga vår av fortida. Friluftsliv gjer menneske opptekne av å ta vare på naturen og skaper forståing for samspelet mellom natur og menneske. Det er derfor ein viktig del av miljøpolitikken til SV å ta vare på kulturlandskap og kulturminne og fremje eit naturvenleg friluftsliv.

land. Då blir arbeidsplassar i Noreg sårbare som følgje av at vi ikkje satsar på klima.

Det kan ikkje SV akseptere. Tusenvis av jobbar er derfor avhengige av at Noreg lykkast med klimamåla, og at det offentlege støttar opp om den nødvendige grøne omstillinga i heimleg industri.

SV ønskjer at Noreg følgjer tilrådinga frå Klimautvalget 2050 om ikkje å byggje ut ny petroleumsinfrastruktur, stanse leiting etter olje og gass og lage ein plan for utfasing av olje- og gassproduksjonen. Noreg må føre ein aktiv politikk som set i verk ei grøn og rettferdig omstilling for å kutte utslepp og sikre framtidige arbeidsplassar.

SV vil:

- stille om norsk økonomi slik at vi oppfyller måla i klimalova om å kutte norske utslepp med 90–95 prosent innan 2050. Tilsvarande må det lovfestast eit mål om 80 prosent nasjonale utsleppsreduksjonar i 2035, og ein må melde dette inn til FN. Vi vil innføre eit styringssystem med karbonbudsjett for ulike sektorar, for å sikre openheit og føreseielegheit om korleis styresmakter og selskap følgjer opp måla.

- etablere eit separat klimamål for utsleppsreduksjonar frå skog- og arealbruk for å sikre naturomsyn og gjere det meir føreseieleg kor store utsleppsreduksjonar Noreg skal gjennomføre innan 2035
- at Noreg skal vere ein pådrivar for å fase ut all fossil energi og melde inn ein plan for utfasing av norsk petroleumsverksemd i dei internasjonale klimaforhandlingane
- ikkje tillate utbygging av ny petroleumsinfrastruktur på norsk sokkel, og innføre varig vern av Barentshavet og Lofoten, Vesterålen, Senja og Mørebankane
- seie nei til nye leitelisensar, nye løyve til å setje i gang ny produksjon av olje og gass, fornying av eksisterande felt og ny petroleumsinfrastruktur i Barentshavet
- bruke regulering og avgifter for å fase ut dei mest forureinande og minst lønsame oljefelta som er på slutten av levetida si
- avvikle oljeskattepakken og erstatte med satsing på grøne næringar
- innføre ei omstillingsavgift på olje og gass for å sørgje for at den minst lønsame oljen blir liggjande i bakken
- fjerne økonomiske insentiv til olje- og gassleiting
- innføre elavgift på sokkelen samtidig som CO2-avgifta blir auka
- ta ansvar for utsleppa norsk forbruk skaper i andre land. Vi vil innføre ein forbruksbasert klimarekneskap, i tillegg til den territoriale klimarekneskapen, og setje eit eige klimamål for forbruket.
- gje forbrukarane informasjon om miljøavtrykk og menneskerettar i leverandørkjedene bak varer og tenester dei nyttar seg av. Openheitslova må utvidast til å omfatte miljøpåverknad, produksjonsstad og krav til dokumentasjon.

Ta vare på naturmangfaldet

SV vil stanse tapet av naturmangfald. Naturmangfaldet har stor eigenverdi og er avgjerande for matforsyning, næringsutvikling og andre økosystemtenester. Tap av natur og reduksjon av naturmangfald trugar eksistensen vår. Naturmangfaldet har ein eigenverdi ved at det held oppe økologisk stabilitet over tid. Verknadene av at mangfaldet blir brote ned, er ofte uoversiktlege og kan gje uventa skadar.

Den største trusselen mot mangfaldet er framleis menneskelege inngrep, ofte motivert av kortsiktig profitt. For å motverke dette treng vi ein heilskapleg politikk som set naturverdiar framfor profittomsyn.

Målet til SV er å styrkje naturmangfaldet og sørgje for at samfunnsutviklinga spelar på lag med naturen. Vi må følgje opp Noregs

internasjonale forplikting til å stanse tap av naturmangfald og sikre at 30 prosent av arealet til lands og til havs blir bevart og forvalta i samsvar med FNs naturavtale. Folk må ha tilgang til å bruke naturen nært der dei bur. Vi må òg tilpasse oss framtidige klimaendringar og ekstremvêr med naturbaserte løysingar, som fleire grøntområde og opne elveleie.

Konkrete tiltak for vegutbygging, hyttebygging og energi er omtalt i andre kapittel.

SV vil:

- sikre artsmangfaldet og spesielt raudlista artar, slik at dei kan bli tekne ut av raudlista
- etablere ein plan for å restaurere 30 prosent av øydelagde eller skadde naturområde langs kysten og til havs innan 2030
- opprette fleire verneområde og utvide dei eksisterande, slik at eit representativt utval av norsk natur blir verna. Naturtypar med stort naturmangfald og/eller stor verdi for karbonbinding skal prioriterast. Vernet skal vere representativt for norsk natur.
- innføre ei statleg økonomisk påskjønningsordning for kommunar som tek vare på naturområde til fordel for nedbygging
- stimulere eit skogbruk som både fremjar karbonlagring og styrkjer naturmangfaldet gjennom stort lauvtreinnslag, bevaring av gammalskog og bruk av varierte hogstformer
- styrkje skogvernet til å gjelde 10 prosent av produktiv skog innan 2030 og auke skogvernsbudsjettet i tråd med dette
- innføre mellombels forbod mot flatehogst i naturskogane fram til naturverdiane der er kartlagde og vern avklart
- sikre levedyktige bestandar av dei fire store rovdyra i Noreg
- seie nei til gruvedrift på havbotnen, stanse løyve til leiting etter og utvinning av mineral på havbotnen og jobbe aktivt for eit globalt forbod mot utvinning av mineral på havbotnen
- styrkje innsatsen mot miljø- og helseskadelege stoff, forureining og forsøpling, og støtte oppryddingstiltak, mellom anna for plast
- forby dumping av gruveavfall i fjord, sjø og vatn, stille krav om underjorddrift der det er mogleg, og krav om tilbakefylling og bruk av restmassar
- forby deponering av metall og mineral og stille strenge krav om resirkulering av dei
- innføre sterkare forbrukarrettar og forlengje garantitida på varer, spesielt

elektronikk. Og dessutan krav om at varene skal kunne reparerast og resirkulerast.

- sørgje for 30 prosent marint vern i norske havområde med utgangspunkt i særleg sårbare og verdifulle område, og innføre arealplanar for kyst- og havområda for å sikre samordna planlegging
- etablere marine grunnkart i kystsona med mål om å ha dekt all kyst innanfor grunnlinja innan 2035
- endre fiskerilovverket slik at det igjen blir tillate flytande trål, og innføre insentiv for denne fangstmåten. Vurdere forbod mot botntrål i den større delen av flåten og generelt forbod mot snurrevad, dette for å redusere karbonavtrykket til fiskeria og styrkje varetakinga av naturverdiar på havbotnen.
- grunnlovsfeste allemannsretten og sørgje for statleg sikring av eigedom der allemannsretten ikkje er tilstrekkeleg
- grunnlovsfeste at naturressursane til lands og til havs høyrer til folket og skal kome lokalbefolkninga til gode
- at det ikkje blir gjeve løyve til å starte ei utbygging før det er endeleg avgjort om konsesjonen er gyldig
- prioritere naturrestaurering i tråd med måla i naturavtalen
- sikre statleg støtte til å berge livet i Oslofjorden gjennom tilskot til nitrogenreinsing, og stoppe avrenning av nitrogen frå landbruket til vassdrag og fjord, gjennom reinsing og gjenbruk av nitrogen
- styrkje gjennomføringa av FNs naturavtale gjennom langsiktig finansiering av norske UNESCO Global-geoparkar og biosfæreområde

Ein heilskapleg energipolitikk

Noreg treng ein ny energipolitikk der omsynet til fellesskap og miljø er styrande, ikkje kortsiktige marknadsinteresser. All kraftutbygging inneber naturinngrep. Den reinaste og ofte billegaste krafta er den vi ikkje brukar. Derfor må vi ikkje berre fase ut forbruket av fossil energi, men òg rasjonalisere det generelle energiforbruket. Det inneber ei omfattande energieffektivisering, samtidig som vi aukar produksjonen av fornybar energi. I første rekkje skal det skje gjennom oppgradering av vasskrafta, solkraft, og at oljeselskapa finansierer flytande havvind til elektrifisering av sokkelen. For SV er det sentralt at omstillinga til fornybar energi ikkje skal gå ut over naturmangfald og reinbeiteområde. Vi vil prioritere kraftutbygging som gjev mest mogleg rein energi med minst mogleg inngrep.

Energi er ein knapp ressurs. Energisektoren må derfor styrast politisk og underleggjast sterkare demokratisk kontroll. Fornybar kraft er ein føresetnad for at Noreg kan vere ein industrinasjon, og skal brukast som ein strategisk fordel for å vidareutvikle industri,

teknologi og høgproduktive arbeidsplassar i Noreg. Viktige delar av norsk industri brukar i dag fossil energi, og dei nye grøne næringane vi skal leve av etter oljen, vil òg krevje mykje kraft.

Ny kraftproduksjon vil likevel ikkje sikre utsleppskutt og industribygging så lenge forbruket styrast av fri etableringsrett og førstemann-til-mølla-prinsippet. Det er

nødvendig å prioritere kva vi skal bruke krafta på, og velje bort ein del kraftkrevjande prosjekt. Til dømes er ein føresetnad for elektrifisering av sokkelen at oljeselskapa finansierer flytande havvind som dekkjer opp dette kraftbehovet. Vi må heller ikkje sløse med krafta til kryptovaluta. Vi må setje krav om konsesjon for nye datasenter, for Noreg skal ikkje vere ein ukritisk råvareleverandør av kraft til datakapløpet til storselskap.

SV vil:

- at Noreg lagar ein heilskapleg klima- og energiplan som tek omsyn til alle natur- og klimamåla våre. Planen må òg bidra til å utløyse kraft til ny industriutvikling gjennom energieffektivisering og ny fornybar utbygging.
- styrkje og utvide satsinga på energieffektivisering gjennom utvida støtteordningar og koordinert innsats for å oppskalere og gjere sparing og effektivisering tilgjengeleg for mange fleire. Hushald med låginntekt må sikrast ekstra støtte.
- lage ei ny støtteordning gjennom Enova for å realisere det store potensialet for solceller på driftsbygningar i landbruket
- eksisterande vasskraftverk skal oppgraderast og utvidast der det ikkje gjev mykje negative konsekvensar for naturen i og rundt vassdraget. Vi vil verne fleire vassdrag og vere garantisten mot utbygging i verna vassdrag.
- prioritere flytande havvind, solkraft og småskalavindkraft på industrialiserte område og ny fornybar teknologi. Det eksisterer store område med grå areal som kan nyttast til kraftproduksjon utan at nye naturinngrep er nødvendig.
- at fornybar energi ikkje skal byggjast ut i konflikt med rettane til samar
- opprette eit statleg selskap for utbygging av solenergi på tak og vegger. SV vil etablere solenergianlegg på alle større offentlege bygg der det ligg til rette for det.
- innføre hurtigspor for konsesjonsbehandling av ny fornybar kraft på nedbygd areal
- prioritere kraft til landbasert industri og næringar som gjev flest faste, høgproduktive arbeidsplassar med mest mogleg verdiskaping. Det blir lagt til grunn at dette skal gje minst mogleg tap av natur og bidra mest mogleg til å kutte klimagassutslepp.

- etablere eit konsesjonssystem for datasenter og ikkje tillate utvinning av kryptovaluta i Noreg
- stille dei same krava om offentleg eigarskap til eigarar av all kraftproduksjon. Konsesjonskrav må gjelde både for offentlege og private eigarar.
- ikkje byggje nye utanlandskablar til kontinentet og reforhandle avtalane om utanlandskablane med Tyskland og Storbritannia med mål om å redusere prissmitten.
- avvise ein eventuell ny søknad til erstatning for Skagerrak 1 og 2, med mindre ei konsekvensutgreiing tydeleg viser at kabelen ikkje vil bidra til auka prisar på kraft til næringslivet og hushalda, slik han har gjort dei seinare åra.
- opne for ein modell med redusert nettleige ved fleksibelt forbruk gjennom såkalla smart straumstyring
- at nettleiga skal ned. Forbetring av straumnettets skal i mindre grad betalast av forbrukarane.
- sikre at heile landet har infrastruktur for transport av kraft som er nødvendig for å omstille til nullutslepp
- styrkje støtteordningar for energieffektivisering slik at alle har råd til å energieffektivisere
- seie nei til vidare utbygging av storskala vindkraft på land
- seie nei til botnfaste vindkraftanlegg nær kysten

2.11 Transport

Transportsektoren er ei kjelde til store utslepp i Noreg. I dag blir det prioritert å byggje store motorvegar i sentrale strøk framfor trygge kvardagsvegar og tilgjengeleg kollektivtransport. Togtilbodet mellom dei største byane er for mange ikkje eit godt nok alternativ til forureinande fly. Transportsektoren har dei siste åra gått gjennom fleire nyliberale marknadsreformer, som splittinga av jernbanen og skipinga av selskapet Nye Veier.

Kutte utslepp og verne natur

Når vi byggjer transportsystemet for framtida, må vi ta omsyn til både klima og natur. Prioriteringa av store miljøfiendtlege motorvegprosjekt dei siste åra har ført til arealnedbygging og fragmenteringar av leveområda til artar og friluftsområda til folk.

SV meiner transportpolitikken må vere grøn og rettferdig. Då må vi prioritere vekk det som forureinar og byggjer ned sårbar natur, og prioritere transportformer og infrastruktur som får folk og varer trygt fram over heile landet. Vi må satse på kollektivtransport og jernbane, og flytte gods frå veg til sjø og bane. Vi må òg sikre gode universelt uforma rutetilbod for alle.

SV vil jobbe for nullutsleppsløysingar både til lands, sjøs og i lufta. Alle køyretøy på norske vegar skal ha nullutslepp seinast innan 2040, samtidig som vi reduserer transportbehovet der vi kan, og flyttar transporten over til både nullutsleppsalternativ og energieffektive alternativ.

SV vil:

- innføre nullutsleppskrav til fartøy i havbaserte næringar som olje, gass og oppdrett
- stille krav til at cruiseverksemd i norske fjordar skal ha nullutslepp
- jobbe for nullutslepp på kystruta innan 2030
- innføre forbod mot store fossile yachtar og fossile privatfly
- sikre tilstrekkeleg ladeinfrastruktur for hurtiglading over heile landet
- sikre at alle nye personbilar som blir selde, skal vere utsleppsfrie, at alle nye varebilar skal vere nullutslepp innan 2027, og at alle nye lastebilar skal vere nullutsleppsbilar eller gå på biogass i 2030
- ikkje byggje ut flykapasitet som langt overstig behovet for flyreiser. Dette stengjer for tredje rullebane på Gardermoen og andre rullebane på Flesland.
- avvikle Nye Veier AS og overføre prosjekt som er i gang, til Statens vegvesen
- auke støtta til utvikling av elbaserte fly
- jobbe for at bonusordningar i luftfarten blir forbode
- inkludere utslepp frå utanriks luftfart og sjøfart knytt til Noreg i dei norske, territoriale klimamåla

- greie ut ei progressiv flypassasjeravgift som aukar dess fleire flyturar ein tek i året. Nødvendige flygingar på kortbanenettet og mellom Nord- og Sør-Noreg skal skjermast. Inntektene skal øyremerkjast oppgradering av jernbana.
- stanse planen om nye miljøfiendtlege motorvegar som ferjefri E39 med Hordfast, E18 og E6 og nedskalere planlagde firefelts motorvegar til to- og trefeltsvegar med midtdelar
- at ein ved innkjøp av nye ferjer, hurtigbåtar og andre fartøy skal prioritere norske verft for å sikre norsk verftsindustri inn i det grønne skiftet

Trygg og rimeleg transport i kvardagen

Dårlege og rasutsette vegar utgjer ein fare i kvardagslivet til mange. Når vi ser på prioriteringane i sektoren dei siste åra, kan det verke som om det har vore viktigare at folk skal kome seg raskt til hytta, enn å tryggje kvardagsvegane til folk. Mange kollektivtilbod blir bygde ned, billettane er for dyre og avgangane for få.

SV meiner det er betre å byggje langt og trygt enn breitt og dyrt. Vi treng eit godt kollektivtrafikktilbod, slik at vi alle kan kome oss dit vi skal, på ein enkel og miljøvenleg måte. Lokalsamfunn må planleggjast slik at færre treng bilen til jobb, barnehage og skule. Satsinga på kollektivtrafikk, sykkel og gonge må trappast opp.

SV vil:

- prioritere vegvedlikehald og ta vare på vegane vi har
- auke løyvingane til rassikring stort og i tråd med tilrådingane frå Nasjonal rassikringsgruppe
- prioritere auka utbygging og vedlikehald av samanhengande og skilde gang- og sykkelvegar, og påskjøne kommunar som satsar på sykkel og gonge
- ha ein ny nasjonal sykkelstrategi med mål om at minst 8 prosent av reiser blir tekne med sykkel, og 20 prosent i byane
- auke den statlege støtta til store kollektivprosjekt til 80 prosent og gje støtte til kollektivtransport til fleire byar, gjennom byvekstavgifter og tilskot til mindre byområde
- gjere det lettare og rimelegare å reise kollektivt
- innføre eit rimeleg nasjonalt ungdomskort for tog, buss og båt som gjeld

for reiser i heile landet for alle under 20 år

- innføre universell utforming som krav i alle anbudsprosessar i transportsektoren og jobbe for ei nasjonal ordning for tilrettelagd transport (TT)
- seie nei til endringar i flyplasstrukturen som svekkjer kortbanenettet
- innføre krav om at utanlandske flyselskap som opererer i Noreg, må følge norsk arbeidsregelverk
- halde fram arbeidet for å sikre ei seriøs drosjenæring og hindre sosial dumping i næringa
- halde oppe eit tilfredsstillande tilbod med ferje og hurtigbåt til veglause samfunn
- fjerne anbudssystemet i buss- og ferjedrifta og ta henne inn i fylkeskommunal regi

Jernbaneløft

Når vi skal reise langt eller frakte gods over store avstandar, må vi velje jernbane. Utsleppa og straumbruken frå elektrisk jernbane er nær null. Jernbane er dessutan svært arealeffektivt. Norsk jernbane har dei siste åra vore prega av forseinkingar, signalfeil og store vedlikehaldsetterslep. Splittinga av jernbana i mange ulike selskap har gjort det vanskelegare å plassere ansvar og drive politisk kontroll. Jernbanereforma til høgresida har overført kontroll til EU gjennom EUs jernbanepakke 4.

SV meiner viktig infrastruktur, slik som jernbana, skal eigast og driftast av det offentlege, og at kontrollen må bli verande i Noreg. Fleire viktige jernbaneprosjekt må

realiserast. Vi må ta vare på det eksisterande jernbanenettet og redusere forseinkingar på jernbana.

For å få meir gods på bane trengst det mykje betre rammevilkår for å kunne konkurrere mot vegtransporten. Når godset går på lastebilar, gjev det meir slitasje på vegen, meir trafikk, meir utslepp og meir energibruk. Bransjen treng ei betre miljøstøtteordning, oppgraderte terminalar og utstyr og dessutan ein reell kompensasjon ved avvik i staden for fleire avgifter. Under dagens EØS-regime med utstrekt kabotasje og avgrensa kontrollmidlar, gjev det òg langt meir sosial dumping enn godstransport.

SV vil:

- redusere vedlikehaldsetterslepet på jernbane
- forkorte Bergensbanen i begge endar, så ein kan reise Oslo–Bergen på fire timar, og i perioden jobbe for å sikre byggjestart i Ringeriksbanen, framdrift på prosjekta K5 Arna–Stanghelle og K5 Stanghelle–Voss og betre regulariteten

- halde fram arbeidet med å byggje dobbeltspor mellom Oslo og Lillehammer, Halden og Skien
- byggje fleire og lengre kryssingsspor for å auke kapasiteten
- få fortgang i elektrifiseringa av dei attståande jernbanestrekningane
- universelt utforme dei attståande jernbaneplattformene
- forbetre togsambanda til utlandet
- redusere billettprisane på tog
- auke talet på sovevogner og soveplassar i toga
- få tilbake stordriftsfordelane ved å renasjonalisere jernbana og gjenetablere eit einskapleg selskap med ansvar for tog, skjener og personell
- setje i gang ei uavhengig utgreiing med mål om å realisere lyntog mellom dei største byane i Sør-Noreg
- innføre minstepris på flyruter der det finst togalternativ, slik at det løner seg å velje tog framfor fly
- innføre ei flyavløysingsavgift på strekningar med togtilbod, der toginvesteringar kan erstatte fly fullstendig, etter modell frå ferjeavløysingsavgift
- auke kapasiteten på jernbana gjennom å starte planlegging av dobbeltspor på Ofothbanen og elektrifisere og modernisere Nordlandsbanen og Rørosbanen
- satse på sjøtransport med nullutslepp, som saman med ei modernisering av den eksisterande jernbana raskt, effektivt og miljøvenleg kan frakte gods og folk
- ruste opp og knyte saman Sørlandsbanen og Vestfoldbanen. Arendalsbanen skal reknast som ein del av fjerntogstrekningane, og det skal planleggjast for dobbeltspor på Jærbanen og gjenopning av Ålgårdbanen. Dovrebanen skal gjerast meir motstandsdyktig mot ekstremvêr, og Trønderbanen skal få to tog i timen frå Trondheim til Steinkjer.
- realisere Nord-Noreg-banen. Prioritere etappar der jernbane er viktig for nasjonal beredskap, store godsmengder og kvar det bur flest folk.

2.12 Næring

Den største trusselen mot norsk næringsliv er klima- og naturkrisa. Dersom vi ikkje klarer å bremse oppvarming og naturødelegging, vil det ramme grunnlaget for norsk næringsliv og arbeidsplassar. Jobb nummer éin i næringspolitikken dei neste åra er derfor å leggje til rette for overgang frå fossilt til fornybart, frå nedbygging av natur til utnytting av dei areala vi allereie har teke i bruk. Ein berekraftig næringspolitikk fordrar at naturen set rammene for all økonomisk aktivitet, slik at grunnlaget for framtidig produksjon og levekår ikkje blir øydelagt.

Som i alle større hamskifte i nyare norsk historie krev omstillinga ein aktiv næringspolitikk, ein aktiv stat og omstilling av politikk og økonomi. SV vil gjere skattar og reguleringar grøne. Vi må utvikle nye løysingar og ta i bruk dei som finst allereie. Vi må byggje ny industri og sørge for at dei store lokomotiva

Grøn omstilling

Innan 2050 må dei fleste utsleppa av klimagassar vere fjerna for godt. Det vil seie at vi må leggje om politikken i dag for å ha eit norsk næringsliv som skaper verdier og i framtida. Strategien til SV for eit rettferdig grønt skifte handlar om å byggje vidare på den eksisterande næringsstrukturen vår for å skape arbeidsplassar for morgondagen. Vi vil avkarbonisere og vidareutvikle eksisterande industri for å nå klimamål, styrkje konkurransekrafta og trygge arbeidsplassar. Samtidig vil vi byggje ny eksportretta industri som er utsleppsfri og produserer klimateknologi for framtida.

Sentralt for strategien er å vri skattar og avgifter, reguleringar og krav, anbodskonkurransar, subsidiar og støtteordningar til statlege selskap vekk frå det fossile og over til det grøne.

Utvinning av olje og gass er den enkeltsektoren som slepper ut mest klimagassar i Noreg. For å unngå ei brå og lite rettferdig omstilling når marknaden for fossil energi forsvinn, treng vi ein heilskapleg omstillingsplan for norsk sokkel. Dette hastar fordi det allereie

i økonomien er grøne. Det er ansvarleg økonomisk næringspolitikk for vår tid.

Det langsiktige målet vårt er å frikople den økonomiske utviklinga frå auka bruk av fossile, ikkje-fornybare ressursar. Då er dei store bioressursane våre i hav og jord nøkkelen. Dette er spreidde ressursar som krev spreidd busetjing for å kunne forvaltast og haustast berekraftig. Havnæringane og jordbruket bør derfor få ei fornya rolle i det norske langsiktige arbeidet med overgang til ein berekraftig sirkulær økonomi. I havnæringane handlar dette om å sikre hav, kyst og fjord frå øydeleggjande aktivitet, prioritere dei mest berekraftige måtane å hauste av havet på og sikre ungdommar moglegheiter til eit liv på havet. For jordbruket handlar det om å stanse avviklinga av gardsbruk, redusere importen av innsatsfaktorar og styrkje lønsemda og attraktiviteten i det å vere bonde.

frå 2025 er venta eit brått fall i ordrane i leverandørindustrien. For å behalde aktivitet i industrien samtidig som vi unngår ny petroleumsverksemd, må vi sikre nok store grøne prosjekt til industrien.

Den kraftintensive industrien på fastlandet står for ein firedel av dei totale utsleppa til Noreg. Desse utsleppa må kuttast for å nå klimamål og for å styrkje konkurransekrafta, slik at arbeidsplassar og lokalsamfunn blir trygde. I tillegg må ein større del av eksportinntektene kome frå fastlandsindustrien når petroleumseksporten minkar.

SV vil føre ein aktiv politikk for å kutte klimagassutslepp frå fastlandsindustrien gjennom å byggje grøn industri, med verdikjeder innanfor karbonfangst og lagring, hydrogen og biokarbon. Slik brukar vi innsatsen for klimakutt i Noreg som ein heimemarknad for å utvikle nye næringar og stille om økonomien. Vi vil òg vidareutvikle den kraftforedlande industrien vår.

Internasjonale leverandørkjeder er sårbare, og vi har behov for statleg kontroll over

strategiske naturressursar, medrekna mineral. Statleg eigarskap sikrar òg at utvinninga skjer i tråd med miljømåla våre og bidreg til ei trygg og konkurransedyktig grøn framtid for norsk næringsliv.

Alle ressursane vi treng til å omstille norsk økonomi, er knappe. Det gjeld særleg areal. Berekraftig bruk av areal kuttar utslepp og tek vare på meir natur. Derfor må industri- og næringsverksemd bli mykje meir arealeffektivt gjennom samlokalisering.

SV vil:

- byggje strategiske industrisatsingar på flytande havvind, hydrogenproduksjon, karbonfangst og lagring, heilskaplege verdikjeder for batteri, grøn skipsfart og bioindustri, der det blir sikra at verdiskapinga skjer i Noreg og kjem fellesskapen til gode
- bruke elektrifiseringa av eksisterande felt på sokkelen til å byggje ut flytande havvind, og sørge for at oljeselskapa bidreg meir til finansieringa av heile havvindutbygginga enn i dag
- vidareutvikle og finansiere punktutsleppsprogrammet for fastlandsindustrien, til dømes gjennom karbondifferansekontraktar
- innføre ei nasjonal ordning med differansekontraktar for produksjon av grønt hydrogen
- innføre krav- og kompensasjonsordning for fylkeskommunale ferjer og hurtigbåtar med nullutslepp
- styrkje og oppkapitalisere dei statlege kapitalverkemidla som Nysnø og Siva
- halde oppe eit kraftoverskot gjennom ei storstilt energieffektivisering og utbygging av fornybar energi – sjå kraftkapittelet for detaljar
- opprette eit nytt grønt statleg holdingselskap som skal forvalte dei viktigaste industriselskapa som staten eig, med mandat til å gjennomføre grøn omstilling gjennom aktiv eigarskap i eksisterande og nye selskap
- styrkje og vidareutvikle låneordninga grøn industrifinansiering og sikre at det næringsretta verkemiddelapparatet har tilstrekkeleg med kapital og ordning for oppskalering av ny grøn industri
- styrkje etter- og vidareutdanning for å auke kompetansen det er behov for i omstillinga og i eit lågutsleppssamfunn
- innrette verkemiddel slik at investeringar blir vridde frå nybygging til drift og vedlikehald av eksisterande bygg og infrastruktur

- bruke det norske trepartssamarbeidet meir aktivt for å sikre ei rettferdig omstilling av norsk næringsliv. Klimapartnerskapane må fyllast med innhald.
- opprette eit statleg mineralselskap for berekraftig utvinning av kritiske mineral i Noreg
- føre vidare CO2-kompensasjonsordninga for industrien og samtidig trappe opp klimakravet

Landbruk og grøn matomstilling

Aukande global folkevekst og klimaendringar gjer det nødvendig at alle land brukar ressursane sine til å produsere den maten som er mogleg å produsere. Sjølvforsyningsgraden i Noreg, korrigert for fôrimport, er ein av dei lågaste i verda. Lønsemda i jordbruket er veldig låg, det blir lagt ned bruk dagleg, og unge ønskjer ikkje å ta over garden. Det

er for få gardar i drift til at det er mogleg å bruke arealressursane på ein berekraftig måte. Framover må vi auke sjølvforsyninga i Noreg for å brødfø eiga befolkning. Vi må sikre beredskap og ikkje presse opp prisen på den internasjonale marknaden og kjøpe mat framfor nasen på dei som treng det mest.

SV vil:

- sikre eit talgrunnlag til bruk i jordbruksoppgjera med avkastning på all eigenkapital, eit årsverk i jordbruket på 1700 timar og utan normeringsfaktor
- sikre at inntektsgapet mellom bonden og gjennomsnittet i befolkninga er tetta i løpet av neste stortingsperiode
- stoppe bruksavviklinga og leggje til rette for at fleire gardsbruk kjem i drift
- leggje om jordbruksoppgjeret, slik at det blir ein prosess der partane i fellesskap utformar tiltak og verkemiddel for å nå måla om auka sjølvforsyning og fleire bruk i drift over heile landet
- vri tilskota og dei statlege overføringane frå husdyrtilskot over på areal og beiteressursar
- forbetre velferdsordningane i landbruket som er knytte til ferie og fritid, sjukdom, pensjon og svangerskap
- redusere bruken av kraftfôr, fase ut import av kraftfôrråvare og erstatte det med norske ressursar

- auke frukt- og grøntproduksjonen i tråd med tilrådingane til Grøntutvalget
- setje i stand tidlegare dyrka mark gjennom målretta nydyrking og sikre betre jordhelse på dyrka mark gjennom grøfting, drenering og kalking
- sikre at offentleg sektor kjøper inn mest mogleg norsk, økologisk og lokalprodusert mat
- gå frå krone- til prosenttoll på alle landbruksprodukt der det gjev best vern
- innføre eit forbod mot matsvinn for daglegvaresektoren
- gjennomføre ei rekanalisering av jordbrukspolitikken ved å innføre meir presise tilskot, som til dømes teigbasert tilskot, slik at det blir ei betre produksjonsdeling mellom korn, husdyr, frukt og grønt
- avgrense utbreiinga av daglegvarekjedene sine eigne merkevarer for å forhindre vertikal integrasjon
- forby usakleg prisdiskriminering mellom leverandør og grossist
- innføre eigarskapsavgrensingar innan daglegvaresektoren for både leverandør og kjeder
- styrkje dyrevelferda ved å gå gjennom forskriftene for hald av husdyr, forby burdrift av høner, krevje større plass og auka miljøberiking i innandørs drift, sunnare rasar, at fleire grisar og kyllingar skal ha tilgang på uteareal, og sikre at tilsynsmaktene er godt nok finansierte, og at veterinærdekninga er god nok
- sikre vellykka klimaomstilling i landbruket ved å betre klimatilpassing, leggje til rette for bruk av ny teknologi, auke omstillingsmidlar og tilskot til dyrking av planter, frukt og grønt
- auke tilskota for økologisk drift, så det blir meir attraktivt å drive økologisk, og dessutan stille krav til offentleg innkjøp av norske økologiske produkt. Minimum 15 prosent av landbruksarealet skal dyrkast økologisk innan 2030.

Reint hav og levande kystsamfunn

Havet gjev liv og legg grunnlaget for verdiskaping langs kysten, slik det alltid har gjort i norsk historie. Ressursane i havet kan vare evig dersom dei blir forvalta rett, og dei må fordelast slik at dei kjem både lokalsamfunnet og landa samla sett til gode.

To prinsipp har stått sentralt i norsk fiskeriforvaltning: Vi eig havet i fellesskap, og dei som bur nær ressursane i havet, får rett til å hauste av det. Dette har vore grunnlaget for norsk vekst og velstand, men retten til å fiske samlast på stadig færre hender, og kvotehandel har gjort det for dyrt for vanlege

folk å bli fiskarar. Det skader fellesskapen, kystsamfunna og kystkulturen, inkludert den sjøsamiske. Noreg treng ein kystbasert fiskeripolitikk, der det igjen blir slått fast at ressursane i havet er fellesskapen sin eigedom, og at dei skal bidra til sysselsetjing og busetjing i kystsamfunna. Innanfor denne ramma kan ny teknologi og kunnskap brukast til å utvikle næringa vidare.

Havbruk gjev Noreg stor verdiskaping. Det er store moglegheiter for vidare industriell satsing, men havet må haldast reint for å

skape varige verdier. I dag truar forureining frå oppdrettsanlegg fjordane, og rømd laks og lakselus truar villaksstammene. SV vil stille krav om null forureining, verne villaksen og kraftig redusere prosentdelen importert fôrråvare.

For lenge har betalingsevne avgjort kven som skal kunne bruke hav, kyst og fjord. Dette har ført til ei uansvarleg svekking av dei potensielt evigvarande ressursane våre. SV vil konsekvent prioritere berekraft framfor betalingsevne i arealkonfliktar til havs.

SV vil:

- grunnlovsfeste at dei viltlevande ressursane i havet høyrer til folket og skal kome lokalbefolkninga til gode
- innføre ei avgift på fisk som ikkje blir foredla i Noreg. Inntekter skal gå uavkorta til utvikling av kystsamfunn.
- prioritere den tradisjonelle kystflåten i fordeling av fiskekvotar, der berekraft, energiforbruk og verdiskaping på land er størst. Vi vil skjerpe krav til fartøystorleik som får tilgang til å fiske kystnært.
- stramme inn aktivitetsplikta. Berre aktive fiskarar kan eige fiskefartøy med fiskerettar. Aktivitetsplikta skal òg gjelde for reiarlag. Vi vil avvike ordninga der den styrande reieren på land får fritak frå deltakarlova.
- etablere industrielle næringsparkar langs kysten, der den eine sitt avfall er den neste sin ressurs. All fisk og alt restråstoff skal sendast til land og utnyttast. Staten må bidra til auka satsing på utvikling av ny småskaleteknologi i heile næringskjeda.
- gå til kamp mot fiskejuks ved å innføre ressursrekneskap. Vi vil krevje revisjonsplikt for fanga og levert fangst målt opp mot foredla produkt.
- unngå tildeling av nye konsesjonar til fiskeoppdrett i opne merdar
- utvide trafikklyssystemet for konsesjonar til å omfatte utslepp av partiklar og næringsstoff, rømming og resirkulering av avfall
- spreie eigarkonsentrasjonen i norsk havbruk og styrkje den lokale eigarskapen
- redusere bruken av medisinar og kjemikaliar i oppdrettsnæringa til eit berekraftig nivå

- auke forskingsinnsatsen på produksjon av mikroalgar til fôr
- innføre heimfall for oppdrettsløyve – at konsesjonane fell tilbake til fellesskapen etter eit visst tal år, eller om dei går ut av bruk
- styrkje høvet kommunane har til å seie nei til oppdrettsanlegg og til å stille strengare miljøkrav i eigen kommune, mellom anna ved å kunne stille krav om utsleppsfri eller utsleppsreduserande teknologi på havbruk
- prioritere å tilbakeføre Oslofjorden til å bli levande, artsrikt og i økologisk balanse
- leggje til rette for lågtrufisk akvakultur

Sirkulærøkonomi

Bruk-og-kast-kulturen er utbreidd i Noreg. Både i kvardagslivet vårt og i dei store industrielle strukturane våre er eingongsbruk utbreidd, og varer som er laga for å kunne brukast over lengre tid, taper stadig mot kortsiktige løysingar og ressursløseri. Ein meir sirkulær økonomi er klimavenleg fordi han unngår utslepp knytt til produksjon og transport av ting som eigentleg ikkje trengst å bli produserte, og han bevarer natur fordi det ikkje trengst like stort uttak av mineral og materiale som no.

Noreg er blant dei tregaste i klassen når det gjeld omstilling frå lineær økonomi med mykje

eingongsbruk til ein sirkulær økonomi med mykje gjenbruk. Det må arbeidast på fleire nivå for å snu dette. God sirkulærøkonomi stiller krav til planlegging, der alle livsfasane blir tekne høgd for. Det krev òg at produkt er laga for å vare og kunne reparerast, at det finst system med felles reservedelar uansett produsent, og at det finst ein god produksjon der biprodukt ikkje går til spille om dei kan takast i bruk. Til slutt må resirkulering og avfallshandtering vere i stand til å realisere det siste potensialet for å halde på ressursane og redusere avfallsmengda.

SV vil:

- stille krav om minst 10 prosent brukte byggjemateriale i nye bygg. Denne prosentsatsen bør aukast i takt med at fleire ombrukmateriale blir tilgjengeleggjorde.
- tilgjengeleggjere brukte byggjemateriale for marknaden, mellom anna gjennom å opprette arenaer for mellomlagring og vidareformidling av dei
- innføre ei avgift på første gongs bruk av materiale. Denne avgifta kan i starten omfatte plast og tekstil, for så å bli utvida til å gjelde fleire materialgrupper.
- leggje aktivt til rette for tilboda om å selje, gje bort og kjøpe brukte møblar
- utløyse det enorme potensialet som ligg i «urban mining», og i langt

større grad hente fram mineral som allereie er vunne ut, heller enn å gjere naturinngrep for å hente nye

- innføre produsentansvar for all plast på den norske marknaden
- fjerne momsen på reparasjon og brukthandel
- auke talet på skuleplassar som utdannar skreddarar, skomakarar og andre yrke som trengst for å betre reparatørtilbodet
- kutte klimagassutsleppa og dei andre miljøproblema som er skapte av «fast fashion», til dømes gjennom ei produsentansvarsordning eller ei utgreiing av ei fast fashion-avgift etter modell frå Frankrike
- innføre obligatorisk levetidsmerking med tilhøyrande garantitid som stiller krav til at alle produkt skal designast for lang levetid, moglegheit for ombruk, reparasjon, vedlikehald, og dessutan materialgjenvinning etter levetida av produktet
- opprette offentlege delingstenester etter modell frå bibliotek og bysykkeltilbod, og stimulere til kommunale gjenbruksverkstader
- stille krav til oppdrettsnæringa om oppsamling av avfall og spillfôr, slik at det kan utnyttast til energiproduksjon og innsatsfaktor i andre næringar
- leggje til rette for ein meir sirkulær industri ved å sørgje for at meir industri- og næringsverksemd blir samlokalisert, til dømes gjennom industri- og næringsparkar. Det bør stillast krav til ombod av materiale, restprodukt frå eksempelvis næringsmiddelindustri og bruk av spillvarme frå industriprosessar og anna næringsverksemd.
- at nye næringsbygg må vere arealnøytrale og det må setjast krav om energieffektivisering. I tillegg kan vi byggje solcellepanel på alle nye bygg, og subsidiere for at det skal vere billegare for folk å installere solcellepanel på eksisterande bygg.
- auke pantesatsane og vurdere innføring av fleire panteordningar

Statleg eigarskap

Statleg eigarskap kan spele ei avgjerande rolle i å ta leiarskap for ei raskare og meir rettferdig grøn omstilling. Meiner staten alvor med klimaplanane sine, har han eit særleg ansvar for å gjennomføre ein rask og truverdig grøn omstilling av eigarskapen. Då må staten aktivt styre selskapa i rett retning og sikre omstillinga.

Eigarskapen er godt eigna til å gå i front når nye verdikjeder skal etablerast. Historisk har

statleg eigarskap vore ein viktig pådrivar for industrialisering, sysselsetjing og velferd i Noreg. Eigarskapen har òg vore viktig for å sikre fellesskapen inntekter frå viktige industiar. Det er avgjerande at eigarskapen blir omstilt mot grønne verdikjeder slik at fellesskapen òg vil nytte godt av inntektene til framtidsindustrien. Statleg eigarskap kan òg bidra til å setje standardar for openheit, menneskerettar og arbeidsvilkår.

SV vil:

- sikre at statlege selskap har dei mest ambisiøse måla om å aktivt bidra til grøn omstilling og å kutte utslepp, i tillegg til å levere avkastning over tid
- at staten fører ein aktiv næringspolitikk for å utvikle nye og framtidsretta næringar, og som hovudregel ikkje sel eigarpartar i allereie statleg eigde/deleigde selskap
- trekkje alle statlege selskap ut av skatteparadis, både heileigde og deleigde
- arbeide for at alle norske selskap, inkludert statlege selskap, opptrer i tråd med FN-prinsippa om næringsliv og menneskerettar

2.13 Kultur og idrett

Fri kunst og kultur er sentralt i eit fritt, demokratisk samfunn. Samtidig ser vi at kunst og kultur er under press frå økonomisk kuttpolitikk, som gjer det vanskeleg å verke som kunstnar og gjer at det blir færre kulturtilbod tilgjengeleg over heile landet. I fleire land, også i Europa, er den frie kunsten truga av autoritære krefter. Kunsten må sikrast både ytringsfridom og økonomiske rammer til å verke og skape. Kulturelt og språkleg er Noreg eit lite samfunn, under sterkt press frå den massive angloamerikanske konsumkulturen. SV ser det som ei hovudoppgåve å styrkje norsk språk og kultur.

Styrkje den kulturelle grunnmuren

Biblioteka, kulturskulen og fritidsklubbane er noko av det viktigaste i kulturlivet. SV vil byggje opp desse tilboda for å sikre at alle har tilgang til gode tilbod der dei bur. Grunnmuren i kulturlivet er kulturfrivilligheita. Den skil seg ut som ei unik kulturform med store

Idrett og frivilligheit bidreg til fellesskap, meistring og folkehelse. Likevel er det mange som blir utestengde frå å delta på grunn av økonomi, eller fordi dei bur i område utan eigna idrettsanlegg og tilgang til friluftsområde. SV vil sørgje for tiltak som reduserer ulikskap i idretten og gjer at alle kan delta.

Fleire skal få oppleve og delta i kultur og idrett, uavhengig av økonomisk bakgrunn. Målet til SV er at minst 1 prosent av statsbudsjettet skal gå til kulturtiltak og gode vilkår for både breidda og mangfaldet i kulturfeltet.

samfunnseffektar, som å fremje inkludering i lokalsamfunn og styrkje beredskapen. Derfor er det viktig å sikre gode rammevilkår og tilgang til lokale, og dessutan jobbe for å gjere kvardagen enklare for korps, kor, teater og andre frivillige kulturorganisasjonar.

SV vil:

- halde fram utviklinga av folkebiblioteka gjennom nasjonal støtte til kompetanse, bemanning og medieinnkjøp
- gje fleire tilgang til kulturskule gjennom å finansiere gratis lågterskel breiddetilbod, følge opp rammeplanen til kulturskulen («Kulturskole for alle») og innføre makspris
- at alle unge skal ha tilgang til ein open og gratis møteplass gjennom lovfesting av fritidsklubbar i alle kommunar. Ungdommar skal sjølv medverke i styringa av klubbane saman med fagpersonar.
- at fleire skal kunne delta i korps, kor, teater og anna frivillig kulturliv gjennom å gje auka støtte til kulturarenaer, utstyr og å forskriftsfeste at kulturdelen av tippemidlane berre skal gå til den breie kulturfrivilligheita
- sørgje for gode vilkår for demokratisk deltaking for brukarar av begge målformer gjennom ein aktiv politikk for nynorsk
- gjere museumsbesøk gratis for barn, unge og studentar
- at kulturtilbod som særleg treffer den eldste delen av befolkninga, som Den kulturelle spaserstokken, skal få tilstrekkeleg støtte til å tilby gode tilbod over heile landet

- gje gratis kulturskule til ungdom i tiltakssona i Nord-Troms og Finnmark
- etablere eit statleg bygningsvernfond for museumssektoren
- styrkje forvaltninga og auke den økonomiske satsinga på kulturminne, kulturmiljø og verdsarvstadene i Noreg

Idrett og frivillighet

For at fleire skal få delta og oppleve meistring i idretten, friluftslivet og det frivillige, må barrierar mot deltaking byggjast ned. Idrett,

friluftsliv og frivilligheit må finansierast tryggare for å kunne bidra til å løyse dei store samfunnsoppgåvene.

SV vil:

- oppgradere og byggje idrettsanlegg i heile landet, med særleg vekt på område med låg dekning og i levekårsutsette område, og innføre fullt regelstyrt momsfritak ved bygging av idrettsanlegg
- innføre målretta tiltak i barne- og ungdomsidretten, med mål om å sikre auka deltaking og lågare kostnader, og stille krav til idretten om at dei skal ta sin del av ansvaret
- gjere det enklare å låne utstyr gjennom utlånssentralar og stille krav til kommunale tilbod, slik at ungdommar kan delta i aktivitetar utan å måtte betale for dyrt utstyr
- styrkje frivilligheita og sikre økonomisk føreseielegheit gjennom å vri støtte frå prosjekt til fri driftstøtte, og innføre fullt, regelstyrt momsfritak for frivillige organisasjonar
- styrkje arbeidet til friluftslivsorganisasjonane med å gjere friluftsliv tilgjengeleg for fleire, særleg satsingar retta mot barn og unge
- auke forskning og kartlegging av eteforstyrningar, rasisme, homofobi, transfobi og seksuell trakassering i idretten, slik at mest mogleg treffsikre tiltak kan setjast i verk
- at idretten skal vere berekraftig og spele på lag med naturen. SV ønskjer eit forbod mot gummigranulat på kunstgrasbanar velkomen. Vi vil støtte norsk teknologiutvikling for å finne lokale alternativ til fyllmasse og bidra

med økonomisk støtte for å sikre at overgangen til alternativ fyllmasse ikkje vil gå utover aktivitetstilbodet til barn og unge.

- sikre at frivillige organisasjonar kan bruke offentlege bygg
- likebehandle e-sportsklubbar med andre frivillige idrettslag og kulturorganisasjonar
- at offentlege fleirbrukshallar skal leggjast til rette for e-sportsarrangement

Fri kunst og kultur

Kunst og kultur er både frie ytringar som utviklar samfunnet, grunnleggjande gode vi treng i livet, og viktige næringar med arbeidsplassar for folk. Derfor trengst det ein demokratisk og utjamnande kulturpolitikk som gjev fleire tilgang, både som skaparar, utøvarar

og som publikum. SV vil at fleire skal få tilgang til kunst og kulturopplevingar gjennom sterk offentlig finansiering. Tildelingar skal styrast kunstfagleg etter prinsippet om armlengds avstand.

SV vil:

- at det frie kunstfeltet skal få tryggare finansiering gjennom eit sterkt og fritt Kulturfond
- gje fleire kulturarbeidarar økonomisk tryggleik gjennom fleire tilsetjingar, opptrapping av kunstnarstipend og betre sosiale rettar for sjølvstendig næringsdrivande, frilansarar og dei med kombinasjonsinntekter
- styrkje offentlege ordningar som er viktige for kulturnæringar, som festivalstøtte, innkjøpsordningar, vederlags- og utstillingsordningar og andre tilsvarande ordningar
- styrkje ein desentral kunstinfrastruktur, mellom anna gjennom støtte til kunstnarstyrte galleri og visningsarenaer
- bidra til breitt, norsk innhald i film, litteratur, scenekunst og musikk gjennom auka støtte, stipend og andre verkemiddel, inkludert avgift på strøymeselskap som blir øyremerkte til norske filmar og seriar
- at filminsentivordninga skal bli regelstyrt, og at løyvingane til ordninga blir auka for å bidra til meir filmproduksjon i Noreg
- sørgje for at opphavsretten til kunstnarane blir anerkjend og kompensert der opphavsrettsleg materiale blir utnytta i trening av KI-modellar, og at det blir etablert system for vederlag ved kommersiell utnytting av slike modellar

2.14 Demokrati

Demokratiet og folkestyret er under press frå fleire hald. Mange opplever at avstanden til makta er stor, og kjensla av avmakt stig. Når makt og rikdom samlast på færre hender i takt med aukande forskjellar, svekkjer det demokratiet.

Autoritære krefter er på frammarsj mange stader i verda og kjem til syne gjennom militærkupp, proformaval, kriminalisering av opposisjon, fengsling av journalistar

og storming av kongressar. Ekstremisme, radikalisering og ønske frå autoritære regime om å øydeleggje demokrati gjennom påverknadsoperasjonar, desinformasjon og valpåverknad er truslar mot demokratiet.

I Noreg har innbyggjarane høg tillit til demokratiet, men han minskar år for år. Derfor treng vi politikk for å styrkje demokratiet og auke tilliten i samfunnet.

Utvide demokratiet

Teknologigigantar, multinasjonale selskap og internasjonale handelsavtalar flyttar makt til lukka styrerom. EU, EØS og andre overstatlege organisasjonar innskrenkar det politiske handlingsrommet. Folkestyret er under angrep frå fleire kantar, noko som igjen fører til avmakt og minkande tillit til demokratiet som styreform.

Den beste måten å forsvare demokratiet på er ved å utvide det. Opplevinga av avmakt må møtast med å ta makt over eige liv og samfunnet rundt gjennom meir folkestyre. Dei beste avgjerdene tek ein når fleire deltek med sine meiningar og perspektiv. SV vil at folk skal få auka innverknad over avgjerder i samfunnet, anten det er i lokalsamfunnet, over den nasjonale politikken eller globalt.

SV vil:

- innføre innbyggjarinitiativ på Stortinget, slik at ei sak med nok underskrifter må reisast til behandling. Auke bruken av folkeavstemmingar, mellom anna gjennom at krav om folkeavstemming kan reisast som innbyggjarinitiativ.
- utvide lokalstyret gjennom å lage rammer, slik at lokalsamfunn som ønskjer det, kan innføre deltakande budsjettering og andre rådsdemokratiske sjølvstyreformar i lokalpolitikken
- flytte makt nærmare folk gjennom at avgjerder blir tekne på lågast mogleg nivå, og å utvide verktøykassen til lokaldemokratiet gjennom auka ressursar og større mandat til å drive samfunnsutvikling
- demokratisere arbeidslivet gjennom å gje dei tilsette auka representasjon på alle leiingsnivå i offentlig og privat verksemd og betre lovverket knytt til arbeidareige og samvirke
- at 16-åringar skal få stemmerett
- lage ei stortingsmelding om korleis overnasjonale organ påverkar og avgrensar demokratiet i Noreg

- seie nei til norsk EU-medlemskap og arbeide for ei samarbeidsform med EU der vi ikkje gjev frå oss suverenitet, slik vi gjer med EØS. Den utfordrande og uoversiktlege geopolitiske situasjonen gjer det likevel lite tenleg å skulle starte forhandlingar dei neste fire åra.
- bruke handlingsrommet og reservasjonsretten i EØS, og seie nei til ny EU-lovgjeving som gjev frå oss ytterlegare suverenitet
- bruke den internasjonale posisjonen Noreg har, til å flytte makt frå WTO, IMF og Verdsbanken til FN og nasjonalstatane
- lovfeste plikta til universell utforming av alle vallokale i Noreg
- at viktige demokratiske avgjerdsorgan som stortingsmøte må teiknspråktolkast

Offentlegheit

Ein open og opplyst offentleg samtale med innsyn i staten og maktbruken til staten er avgjerande for å forsvare demokratiet. I møte med autoritære krefter og andre tendensar som kan utfordre demokratiet, blir ein aktiv politikk for mediemangfald, offentlegheit og deltaking berre viktigare. Dagens informasjonsrealitet er prega av kaos. Påverking i ikkje-redaktørstyrte, digitale medium, desinformasjon og ekkokammer kan gjere at kvar og ein av oss lever i vår eiga verd.

Om vi ikkje har ei felles verkelegheit, er det vanskeleg å danne sterke fellesskapar.

Som samfunn er vi nøyddde til å ha demokratisk beredskap. Demokrati handlar om å leve i eit samfunn der folk har ulike meiningar. Vi må handtere ueinigheit gjennom diskusjon, kunnskap og debatt, og samtidig setje ei grense når debatten glir over i personangrep og truslar. Derfor må sosiale medium regulerast og dei redaktørstyrte media styrkjast.

SV vil:

- sikre folk tilgang til informasjon. Vi vil styrkje mediemangfaldet og styrkje redaktørstyrte medium gjennom å auke mediestøtta og gjere momsfrítak plattformnøytralt.
- innføre langt tøffare regulering av sosiale medium, støtte internasjonalt arbeid for splitting av dei store teknologiselskapa og utvikle ikkje-kommersielle plattformer som er baserte på ideell eller offentleg eigarskap. Vi vil innføre ei digital omsetningsavgift på dei store teknologiselskapa og ha ein fast instans for klager, kontakt med politi, presse og generell styresmaktskontakt.
- opprette eit organ, inspirert av arbeidet med såkalla psykologisk beredskap i Sverige
- at personvernet må styrkjast og integriteten til individet respekterast
- sikre ein kommersiell allmennkringkastar med hovudkontor utanfor Oslo

Antifascistisk og demokratisk beredskap

Noreg har dei siste åra hatt fleire terrorangrep. Angrepet i regjeringskvartalet og på Utøya 22. juli 2011, drapet og moskéangrepet i Bærum 10. august 2019 og angrepet på Pride i Oslo 25. juni 2022. Det skjer framleis rasistisk motivert vald og drap og hatkriminalitet mot skeive og transpersonar. Ekstremisme og fascisme er truslar mot tryggleiken og fridommen vår. Historia har vist at når det er økonomiske nedgangstider, får oftare høgrepopulistar eller fascistar makt. Historia har òg vist at det er rike kapitaleigarar som finansierer høgrepopulistiske eller ekstreme organisasjonar og parti. Sosiale medium og teknologi skaper nye utfordringar. Ekstreme haldningar og handlingar kan spreiaast på tvers

av landegrenser, og ekkokammer på nettet kan auke risiko for radikaliserings og valdeleg ekstremisme.

Det er ei samfunnsutfordring at stadig yngre menneske blir radikaliserde. Politi og tryggingstenestene kan ikkje løyse det åleine. Det krev mykje breiare innsats. For å få bukt med dette treng vi sterke fellesskapar. Det viktigaste vi kan gjere, er å førebyggje. Her er både politi og tryggingstenester viktige, men offentlege tenester og sivilsamfunn må ha nødvendige verktøy og ressursar til å førebyggje radikaliserings og til å ta tak i det når det skjer.

SV vil:

- sørge for at dei hemmelege tenestene har tilstrekkeleg fokus og ressursar til å identifisere, overvake og stoppe ekstreme truslar og miljø. Vi vil styrkje Stortingets kontroll med dei hemmelege tenestene.
- at det blir oppretta eit nasjonalt senter for innsats mot radikaliserings og valdeleg ekstremisme og regionale samarbeidsforum for førebygging
- at politi og PST etablerer faste møtepunkt for utveksling av informasjon med trusselutsette grupper og får betre rutinar for kontakt med offer for terror og valdeleg ekstremisme
- styrkje demokratiopplæringa i skulen og auke tilskot til skuleturar til stader som Utøya og med Hvite Busser
- styrkje internasjonalt arbeid med å førebyggje og avdekkje høgreekstremisme og valdelege handlingar

Den digitale makta til fellesskapen

Den digitale teknologien får stadig fleire bruksområde i samfunnet vårt. Det gjeld i næringslivet, men òg i skulen, helse, transport osv. Der bruk av digitale verktøy og plattformer i skulen gjev barn nye moglegheiter for læring, tek dei òg frå barn personvern og gjev dataa deira til internasjonale teknologiselskap. Der fleire får høve til å delta raskare og enklare i den offentlege debatten, er det òg nokre store selskap som bestemmer korleis denne debatten skal gå føre seg, og kven som får delta. Digitaliseringa har i for lang tid skjedd på næringslivet sin premissar – det har ført makt og verdiar vekk frå fellesskapen. SV vil hente dei tilbake.

SV meiner at grunnlaget for den vidare teknologiutviklinga i samfunnet må vere ei demokratisk digitalisering der det er plass til fleire små aktørar i staden for nokre få store. Data og digital infrastruktur må regulerast og utviklast ut frå ei fellesskapsforståing, ikkje for masse-akkumulering av data til dei største reklamebyråa i verda. Samtidig vil SV støtte kritisk refleksjon til den informasjonsteknologiske utviklinga og konsekvensane av henne. Det må òg sikrast at dei som fell utanfor det digitale samfunnet, får lett tilgjengeleg hjelp og informasjon på andre måtar.

SV vil:

- få på plass ei konsesjonsordning for innsamling, bruk, vidareforedling og lagring av data som blir samla inn om norske borgarar og offentlege institusjonar
- ha eit tydeleg regelverk for innkjøp av kommersielle digitale verktøy i offentleg sektor
- innføre forbod mot kommersiell overvaking og åtferdsretta reklame på digitale plattformer
- styrkje Datatilsynet for å sikre trygg bruk og ny innføring av teknologiar, som kunstig intelligens
- stille krav til kunstig intelligens som må innfriast før det blir teke i bruk i offentleg sektor. Under dette kjem krav som gjer det tydeleg kva verktøya kan og ikkje kan brukast til, og dessutan standardar for verifisering av data som blir tekne inn i modellen, for å unngå skeivskapar i bruken av verktøya.
- forby utvinning av kryptovaluta på norske datasenter
- at datasenter som er lokaliserte i Noreg, skal ha kjende eigarar og kundar
- utvikle eigne skyløysingar for offentleg sektor
- sørge for at språkteknologien tek omsyn til dei norske skriftspråka og talemåla
- at kritiske og samfunnsviktige IT-tenester og IT-infrastruktur er plasserte i Noreg, med kjende eigarar
- arbeide for at det offentlege i størst mogleg grad skal nytte programvare

med open eller eigenutvikla kjeldekode. All kode utvikla i offentleg regi eller for det offentlege bør som hovudregel vere open.

- styrkje sivilsamfunnet og ikkje-kommersielle aktørar som jobbar med og for demokratisk digitalisering
- regulere teknologiselskapa til beste for folk og hindre at selskapa kan få enorm profitt på kjøp og sal av personopplysningar frå nordmenn
- sørge for at det offentlege har eigen nødvendig kunnskap for å kunne inngå gode avtalar og ta hand om datatryggleiken



2.15 Utanriks og utvikling

Global marknadsliberalisme og stormaktsinteressene til USA har prega norsk utanrikspolitikk i fleire tiår. Overstatlege avtalar med mål om økonomisk liberalisering har lagt avgrensingar på Stortinget og folkevalde parlament rundt om i verda og innskrenka det politiske handlingsrommet. Aukande økonomisk ulikskap og kjensle av avmakt har gjeve grobotn for framveksten av høggeradikale krefter som i stadig fleire land kjem til makta. På få år har vi gått frå framvekst av nye demokrati og fattigdomsreduksjon til tryggingsspolitiske urolege tider der autoritære krefter innskrenkar demokratiske rettar og gjer eliten rikare på kostnad av ei aukande fattig befolkning.

SV vil ha ny kurs i utanrikspolitikken. Det gjer vi best ved å halde oss utanfor EU og setje FN i sentrum for internasjonalt samarbeid. SV vil bidra til ei tryggare og meir rettferdig

verd. Vi prioriterer fredsarbeid og styrking av folkeretten. For å skape ei tryggare verd må vi òg gjere noko med årsakene bak krig, konflikt og humanitære kriser. Vi vil bruke delar av oljefondet til å finansiere klimatiltak globalt, halde oppe eit høgt nivå av bistand og setje Noreg i førarsetet for skatterettferd og gjeldsslette igjen.

Eit sterkt og organisert sivilsamfunn er ein føresetnad for demokrati, rettferd og fred. Utvikling blir kjempa fram nedanfrå. Utanrikspolitikken til SV er tufta på solidaritet, og ikkje velgjerd. Vi trur på interessefellesskap mellom fagrørsle, småbønder, urfolk, miljørørsle, studentrørsle og kvinneorganisasjonar i Noreg og andre stader i verda. Internasjonal solidaritet er meir enn eit moralsk imperativ, det er tvingande nødvendig om vi skal lykkast med å skape ei fredfull, demokratisk og rettferdig verd.

Ei fredeleg verd med respekt for folkeretten

Krig trugar menneskeslekta over heile verda. Etter ei tid med internasjonal nedrusting ser vi no aukande opprusting. Russland har gjort atomvåpentrukselen meir reell, og nye typar våpen gjer stor skade. Dei internasjonale reglane for å hindre krig og krigsbrotsverk er under sterkt press, ettersom stormakter tek seg til rette i staden å respektere folkeretten. Framveksten i bruk av kunstig intelligens og autonome våpen flyttar dei moralske grensene i krig.

SV har grunnlaget vårt i fredsørsla og vil halde fram arbeidet vårt for fred, nedrusting, lågspenning og folkerett. Terskelen for å gå til krig og utøve krigsbrotsverk må bli høgare, samtidig som vi motverkar årsakene til krig og konflikt. SV vil arbeide for ei prinsipiell norsk haldning til forsvar for FN-pakta, menneskerettane og krigsfolkeretten. Sentrale prinsipp for norsk fredsmekling og konfliktløysing skal vere demokratisk og sivilt styresett, rettstryggleik, menneskerettar og inkluderande økonomisk utvikling.

SV vil:

- styrkje støtta til demokrati-, menneskeretts- og fredsørslar i land der krig og militærdiktatur trugar, som Sudan
- halde fram den militære og humanitære støtta til fridomskampen i Ukraina og hjelpe Ukraina i forhandlingar om rettferdig fred
- arbeide aktivt for palestinske sjølvråderetten og oppbygginga av den palestinske staten, mot den israelske okkupasjons- og apartheidpolitikken og for ein FN-leidd fredsbevarande styrke i Palestina og Israel

- at Noreg signerer og ratifiserer atomvåpenforbodet, arbeider for at Nato går bort frå førstebruk av atomvåpen, og at Noreg og Norden blir ei atomvåpenfri sone
- at norsk deltaking i internasjonale militære operasjonar må vurderast i kvart enkelt tilfelle, behandlast av eit ope Storting og ha FN-mandat og leiing som vilkår
- trekkje oljefondet ut av selskap FN har svartelista for bidrag til den ulovlege israelske okkupasjonen av palestinske område
- innføre forbod mot økonomisk verksemd og investeringar som bidreg til brot på folkeretten gjennom ulovleg utnytting av land og ressursar på okkuperte område
- arbeide for internasjonal regulering av autonome våpen og jobbe for eit internasjonalt forbod mot bruk av upresise eksplosive våpen i byar og tettbygde strøk
- at Noreg tek internasjonalt leiaransvar for å sikre at forboda mot klasevåpen og landminer blir overhaldne
- at Noreg ikkje skal selje våpen til land i krig. SV vil innføre krav om at også allierte som kjøper norske våpen og våpendelar, må søkje norske styresmakter om lov til å selje materiellet vidare.
- stanse all eksport av våpen eller militært materiell til land som bryt humanitærretten, gjer seg skuldig i grove menneskerettsbrot og overgrep mot eiga befolkning
- setje ned eit offentleg utval som skal gå gjennom kontrollregimet for eksport av forsvarsmateriell
- trekkje oljefondet ut av all våpenindustri. Oljefondet skal ikkje bidra til okkupasjon eller andre brot på folkeretten.
- jobbe for kurdisk sjølvstyre i det søraustlege Tyrkia, det nordaustlege Syria og det nordvestlege Iran, og samtidig jobbe for at rettane til kurdarar i andre område av desse tre landa blir overhaldne.
- auke tilskotet til norske freds- og nedrustingsorganisasjonar
- arbeide for at generalforsamlinga i FN skal få større makt, og at vetoretten i Tryggingrådet blir avvikla på sikt
- at Noreg ratifiserer Kampala-tillegget til Roma-vedtektene slik at Den internasjonale straffedomstolen får jurisdiksjon til å straffeforfølgje aggresjonsbrotsverk
- støtte opp om Den internasjonale domstolen og Den internasjonale straffedomstolen

- at Noreg skal bruke eigedelen sin i våpenselskap, under dette Nammo og Kongsberggruppen, til å sørgje for at det ikkje blir brukt våpen i strid med folkeretten
- endre openheitslova slik at norske selskap får ansvar for å sjå til at varene og tenestene deira ikkje blir brukte til brot på humanitærretten

Redusert global ulikskap

Dei fem rikaste mennene i verda har dobla formuane sine dei siste åra, samtidig som 60 prosent av menneskeslekta har blitt fattigare. Gapet mellom fattig og rik, og mellom det globale sør og nord, blir stadig større. Multinasjonale selskap tener pengar og makt på kostnad av småbønder, urfolk, kvinner og småbedrifter. Oljefondet investerer breitt i slike selskap og er ikkje ein spydspiss innanfor ansvarleg finans. Skatteparadis fører til kapitalflukt frå fattige til rike land, og fleire utviklingsland er ramma av ei djup gjeldskrise.

SV vil bruke den internasjonale politikken til å regulere selskapsmakta, omfordele dei enorme rikdommane gjennom skattlegging, stoppe den store kapitalflukta frå sør til nord, motverke gjeldskriser og sikre alle land styringsrett og politisk handlefridom til å verne arbeidsliv, offentlege tenester, miljø og naturressursar. For å oppnå dette må makt og ressursar flyttast frå udemokratiske organisasjonar til FN. SV vil setje Noreg i førarsetet for rettferd og global omfordeling.

SV vil:

- stå i fremste rekkje for ein sterk skattekonvensjon i FN som hindrar skattesvik og finansielt hemmelegald. Vi vil innføre utvida land-for-land-rapportering i alle sektorar og stille krav om dette ved offentlege innkjøp.
- jobbe for å auke den globale minimumsskatten for selskap til minst 25 prosent, innføre global formuesskatt for dollarmilliardærar og internasjonal skatt på finanstransaksjonar, og dessutan innføre einskapleg skattlegging der skattlegging av overskot i selskap blir basert på kvart land sin del av omsetninga
- styrkje «Skatt for utvikling»-programmet
- arbeide for gjeldssletting, ein permanent mekanisme under FN for reforhandling av ikkje-berekraftig statleg gjeld og globale retningslinjer for ansvarleg långjeving og låneopptak
- at handels- og investeringsavtalar og statlege selskap sine investeringar i utlandet skal tuftast på rett til tollvern, teknologioverføring, lokalt innhald og heimfallsrett. Avtalar skal konsekvensutgreiast med omsyn til klima, miljø og menneskerettar.

- reforhandle TRIPS-avtalen om immaterielle rettar i Verds handelsorganisasjonen, slik at utviklingsland får reell tilgang til livsviktige vaksinar og medisinar
- arbeide for eit meir rettferdig internasjonalt system ved å fremje reform av Verdsbanken, IMF, WTO og FN. På sikt bør fleire prosessar flyttast frå mindre demokratiske organisasjonar til FN, og norsk utviklingsfinansiering gjennom FN skal prioriterast framfor Verdsbanken.
- seie opp investeringsavtalar med stat-investor-tvisteløysingsmekanisme og ikkje inngå nye slike avtalar
- sørgje for at oljefondet opptrer etisk ansvarleg og dreier investeringar vekk frå fossil energi, avskoging av regnskog og anna miljøskadeleg verksemd. Sørgje for at oljefondet blir trekt ut av fossil energi og er i tråd med måla i Parisavtalen. Alle selskap skal møte etiske, menneskerettslege og miljømessige minstekrav gjennom ei førehandsfiltrering.
- inkludere skattesvik og finansielt hemmelegald i dei etiske retningslinjene til oljefondet

Noreg skal bidra i den globale krisedugnaden

Dei globale krisene står i kø, og dei fattigaste i dei fattigaste landa er dei som lir mest. Historisk mange menneske har lagt på flukt frå ekstremvêr, krig og konflikt, og dei humanitære behova er store og aukande. Likevel blir global hjelp redusert, og vi er langt frå det nivået av klimafinansiering som er nødvendig. Noreg er eit av landa som stiller opp med mest i dei globale dugnadene, men dei siste åra har stadig meir av utviklingsbudsjettet gått til globale fellesgode.

SV meiner at Noreg, som eit av dei rikaste landa i verda, må bidra i den globale dugnaden

og hjelpe dei som lir mest av klimaendringar, krig, pandemi, naturøydeleggingar og den groteske skeivfordelinga av rikdom. Som ein rik oljenasjon har vi eit historisk ansvar for å bidra til klimafinansiering i utviklingsland. Pengar til global klimafinansiering, tap og skade skal ikkje gå ut over langsiktig utviklingsbistand og naudhjelp. SV føreslår derfor å dele dagens handlingsregel i to delar, ein innanlandsk handlingsregel som i dag, og ein utanlandsk handlingsregel. Sistnemnde skal vere eit årleg uttak på 0,25 prosent av oljefondet og gå til klimafinansiering internasjonalt.

SV vil:

- arbeide for at minst 1 prosent av BNI skal brukast til internasjonal utviklingsfinansiering. Flyktningutgifter i Noreg, klimafinansiering og globale fellesgode skal kome i tillegg til utviklingsbudsjettet.

- at 0,25 prosent av oljefondet skal brukast på klimafinansiering og det globale taps- og skadefondet, og dette kjem i tillegg til eit utviklingsbudsjett. Sørgje for at 50 prosent av norsk klimafinansiering går til klimatilpassing og tap og skade.
- at garantiordninga for investeringar i fornybar energi i utviklingsland skal ta omsyn til menneskerettane. Tapsavsetjinga skal ikkje takast frå utviklingsbudsjettet, og Noreg skal ikkje krevje motpartsgarantiar til land med høg gjeldsbyrde.
- styre Klimainvesteringsfondet etter politisk vedtekne etiske retningslinjer og etablere eit fagleg råd som skal kontrollere at investeringane er i tråd med retningslinjene. Kraftutbygging i regi av fondet skal kome lokalbefolkninga til gode.
- at oljefondet blir trekt ut av fossil energi, og at investeringane skal vere i tråd med målet i Parisavtalen om maks 1,5 gradars oppvarming
- underleggje Eksportfinansiering Noreg (Eksfin) og Norfund openheitslova
- halde oppe og styrkje den norske regnskogsatsinga og styrkje rettane til urfolk
- ta leiarskap i arbeidet med å få på plass ein sterk, bindande internasjonal avtale mot plastforsøpling og effektiv innføring av denne avtalen nasjonalt og internasjonalt
- halde fram satsinga på global helse, utdanning og arbeid for rettferdig tilgang til vaksinar og medisinar
- kanalisere meir hjelp til og gjennom lokale sivilsamfunnsorganisasjonar, fagrørsle, urfolk, kvinneorganisasjonar, småbønder og menneskerettsforkjemparar
- at Noreg gjev politisk og økonomisk støtte til organisasjonar som sikrar prevensjon og trygg abort. Seksuelle og reproduktive rettar er under press.

2.16 Forsvar og beredskap

Stormaktrivaliseringa aukar og gjer verda mindre trygg. Kina rustar opp, USA utvidar nettverket av militærbasar, og Russland okkuperer naboland med vyar om å gjenopprette eit gammalt imperium. Ved å leggje ned veto i tryggingrådet forhindrar dei FN i å skape fred. Ytre høgre er på frammarsj i Europa og trugar demokrati og tryggleik. Truslar mot fred og tryggleik kjem ikkje berre frå faren for tradisjonell krig mellom statar. Hybrid krigføring og digitale angrep, men også klimaendringar, helsekrisar og låg sjølvforsyning av mat, er reelle utfordringar for Noreg.

Noreg må forhindre at nordområda utviklar seg til ei geopolitisk konfliktsone. Norsk nærvær på Svalbard må haldast oppe, og øygruppa må ikkje militariserast. Vi må søkje samarbeid med dei landa vi har sterkast grad av felles interesser med. Dei nordiske landa har i stor grad felles tryggingsspolitiske utfordringar, ein sterk politisk fellesskap og stor samla militær kapasitet. Der høgresida har fokusert einsidig på store materiellinvesteringar, satsar SV på folk i forsvaret.

Lågspenning i nord og alliansar bygd på felles interesser

Vi lever i ei verd som er prega av ustabilitet og stormaktrivalisering. Rivaliseringa mellom Kina og USA kan kome til å prege verda i lang tid framover, og Noregs forhold til Russland har nådd eit botnpunkt. Den internasjonale merksemda rundt nordområda kjem til å auke i åra framover. Rivalisering om kontroll over areal og ressursar kan føre til konflikhtar i nærområda våre.

Dette krev nytenking i norsk utanriks- og forsvarspolitik. Noreg må arbeide for å halde

spenninga så låg som mogleg og motverke global blokkdeling. Framfor å lene oss på stormakta USA, som har heilt andre interesser enn oss, og som under leiing av Trump byggjer ned demokratiske institusjonar, må Noreg søkje alliansar med land med samanfallande eller liknande interesser. Det er viktig for lågspenninga i nord å halde oppe grensene for alliert trening i Finnmark med eit mogleg unntak for nordisk allierte.

SV vil:

- ha eit aktivt diplomati basert på konsekvent forsvar av folkeretten
- arbeide for internasjonal, gjensidig nedrusting
- arbeide for at Noreg avstår frå å delta i militære operasjonar i regi av Nato og USA. Noreg skal ikkje bidra i operasjonar som aukar spenningsnivået i andre delar av verda.
- sikre nasjonal og demokratisk kontroll over etterretningstenesta og at Noreg gjennomfører sjølvstendige tryggingsvurderingar som er baserte på norske interesser
- ha full nasjonal råderett på norsk jord og avvikle utanlandske basar
- ha eit sterkare nordisk og nordeuropeisk forsvarssamarbeid, både i og utanfor Nato, med ein gjensidig tryggingsgaranti

- arbeide for at Nato held seg til å vere ein rein forsvarsallianse og avviklar out of area-strategien
- arbeide for at Norden skal vere ei atomvåpenfri sone
- arbeide for at Noreg ikkje blir endå sterkare knytt til EUs «forsvarsunion» og oppbygging av ein EU-hær
- ha ein internasjonal tryggingsarkitektur basert på prinsippet om delt tryggleik

Samfunnstryggleik og beredskap

Tryggleik er langt meir enn militært forsvar. Som samfunn må vi vere førebudde på ulike typar krisar, frå pandemi til ekstremvær og cyberangrep, til militære angrep. Koronapandemien viste oss kor sårbare lange leveringskjeder kan gjere oss. Noreg er blant dei landa som er minst sjølvforsynte på mat.

SV meiner at vi treng produksjon og lagring av varer som er særskilt viktige i ein krisesituasjon. Vi treng òg helsetenester der

folk bur. Eit samfunn med korte avstandar mellom innbyggjarar og styresmakter, og der folk er informerte og tek ansvar for seg sjølv og andre, har gode føresetnader for å førebyggje og takle ulike typar kriser. I tillegg til sivile og militære ressursar gjer frivillige i ulike organisasjonar ein viktig innsats i beredskapen. Dette er ein viktig del av at folk deltek i lokalsamfunnet, og det gjev oss ein ekstra beredskapsressurs som engasjerer og byggjer fellesskap og tillit.

SV vil:

- gje kommunane auka ressursar for å oppfylle krav som blir stilte til førebygging og beredskap, medrekna klimatilpassing, og sørgje for at kommunane har ein beredskap for dei som ikkje har moglegheit og ressursar til eigenberedskap
- sikre at det finst offentlege, tilgjengelege og funksjonelle tilfluktsrom som dekkjer behovet til befolkninga
- styrkje og modernisere Sivilforsvaret for å forbetre den generelle beredskapen i samfunnet og sikre god handtering av krisesituasjonar, mellom anna gjennom ei sivil, beredskapsretta førstegongsteneste i tillegg til den militære
- vidareutvikle det nordiske beredskapssamarbeidet gjennom eit nordisk totalforsvarskonsept som inkluderer avtalar om produksjon, lagring og leveransar av kritiske varer

- styrkje samarbeidet mellom sivil og militær beredskap for å ha lågare terskel for å bruke kapasitetane til forsvaret for hjelp og støtte ved ulykker, redningsaksjonar og naturkatastrofar
- lage ein langtidsplan for sivil beredskap
- leggje til rette for å samle beredskapsaktørar og naudetatar i felles beredskapssenter. I planlegginga av nybygg til etatar etatar undersøker ein moglegheita for å samlokalisere tenester, for å styrkje synergieffektar ha god ressursutnytting og dermed redusere kostnader over tid.
- innføre lagerplikt for livsviktige medisinar og utvide lagerkapasiteten for medisinar, verkestoff, medisinsk utstyr og smittevernutstyr
- etablere statleg produksjon av legemiddel (StatMed) og styrkje legemiddelforskninga og eksisterande produksjonsmiljø av legemiddel i Noreg
- auke beredskapstilskotet i nord
- avstå frå deltaking i EUs helseunion, men samarbeide tett med EU og internasjonale organisasjonar om helseberedskap, folkehelse, helsesystem med meir
- arbeide for at Noreg skal jobbe internasjonalt for å auke tilgangen på patentert medisin for låg- og mellominntektsland og eit meir fleksibelt patentregime i WTO
- auke sjølvforsyninga og halde oppe matproduksjon i heile landet, auke beredskapslagring på korn og sørgje for at sjømat blir ilandført og vidareforedla i Noreg
- styrkje den frivillige beredskapen, med mellom anna meir forpliktande beredskapsavtalar, auka driftsstøtte, avgiftsfritak for køyretøy i redningstenesta og gratis tilgang til naudnett og aksjonsstøtteverktøy
- styrkje vedlikehald og sikring av kritisk infrastruktur som jernbane, kraftforsyning, vatn, avløp og digital infrastruktur
- sikre det landsdekkjande fysiske distribusjonsnettet og halde oppe heimlevering av post
- aktivt bruke offentlege innkjøp til å styrkje sjølvforsyningsgraden, spesielt i nord

Ei styrkt nasjonal forsvarsevne

I fleire tiår har det norske forsvaret blitt bygd ned. Eit einseitig fokus på innkjøp av dyrt materiell og tiltru til at Nato-medlemskapen skal redde oss ved ein eventuell konflikt eller krig, har resultert i ei kraftig nedbemanning. Dårlege pensjons- og arbeidsvilkår og byråkratisering har òg gjort Forsvaret til ein mindre attraktiv arbeidsplass. Mange sluttar, og rekrutteringa er låg. Det hjelper lite med dyrt utstyr dersom vi verken har tilstrekkeleg med personell til å drifte det eller halde det ved like.

Etter fleire tiår med nedbygging av det norske forsvaret er det eit stort behov for å styrkje den nasjonale forsvarsevna. Noreg må bli betre i stand til å ta vare på eigen tryggleik og handheve suverenitet sjølv. Å vere meir til stades på land, på havet og i


lufta, kombinert med ei trygg, miljømessig og forsvarleg forvaltning av ressursane og fast busetjing i nord, vil vere eit viktig bidrag til å redusere spenning i nærområda våre. Slik vil stormaktene ha færre påskot for å rivalisere og dominere i nærleiken av oss. For å styrkje forsvarsevna må vi ha nok folk og betre styring i Forsvaret, og ein sterkare totalberedskap i heile samfunnet. Dette må vere vilkår for nye, større investeringar i materiell.

SV vil følgje opp den årlege rapporteringa til Stortinget om status, framdrift, utfordringar og risiko ved gjennomføring av inneverande langtidsplan for Forsvaret for å sikre at auke i forsvarsbudsjettet ikkje skjer på kostnad av den sivile beredskapen.

SV vil:

- sikre at auke i forsvarsbudsjettet ikkje skjer på kostnad av den sivile beredskapen
- stoppe personellflukta i Forsvaret ved å betre pensjons- og arbeidsvilkåra for dei tilsette
- kalle inn fleire av dei vernepliktig til førstegongsteneste i Forsvaret. Samtidig som ein trappar opp talet på vernepliktige, skal ein utvikle ei sivil beredskapsretning innanfor førstegongstenesta som alternativ i eit modernisert Sivilforsvar. Beredskapstenesta skal inkludere opplæring i beredskap, ei viss ståande teneste for å handtere kriser og faste øvingar.
- auke utdanningskapasiteten i Forsvaret og rekruttere meir personell
- auke talet på lærlingplassar i Forsvaret
- stoppe privatisering. Forsvaret skal ha tilstrekkeleg eigenkapasitet for å ta hand om dei kontinuerlege oppgåvene i Forsvaret
- styrkje Heimevernet, med fleire soldatar og befall, og meir trening og øving
- byggje opp kapasitetar for overvaking og kontroll av kysten i fred, krise og krig, tilsvarende det tidlegare Sjøheimevernet
- styrkje Kystvakta og Sjøforsvaret, med fleire seglingsdøgn
- arbeide for at all drift og alt vedlikehald av dei graderte og ugraderte systema til Forsvaret skal utførast av eigne tilsette

- arbeide for at alle dataa til Forsvaret skal lagrast på serverar som er under statleg kontroll
- arbeide for at oppstykinga og byråkratiseringa må ta slutt. Forsvarsmateriell og Forsvarsbygg skal leggjast under Forsvaret.
- arbeide for at tilliten i Forsvaret må gjenreisast. Etatssjefar og driftssjefar skal få reell styresmakt og tilhøyrande ansvar.
- avslutte såkalla effektiviseringskrav som reelt sett er kutt i grunnleggjande drift
- styrkje infrastruktur og kapasitet til flytting av styrkar og materiell mellom Noreg, Sverige og Finland, og styrkje viktige samfunnsfunksjonar for å kunne ta hand om personellet til forsvaret i nord i tilfelle kriser og truslar
- arbeide for at det blir teke omsyn til samisk kultur og næring når Forsvaret utfører øvingar og byggjer ut infrastruktur
- etablere ei forsvarsindustriell klyngje i Nord-Noreg for å styrkje totalforsvaret



2.17 Justispolitikk og rettstryggleik

Rettar på papiret har lite å seie dersom ein ikkje får gjort krav på dei i praksis. Når rettstryggleiken ikkje er tilstrekkeleg sikra, rammar det enkeltindividet og tilliten til samfunn og stat. Tryggleik føreset at dei ulike instansane i rettssystemet er robuste og har dei ressursane dei treng – anten det gjeld politi, påtalemakt, domstolar eller kriminalomsorg. I dag utgjør høge kostnader til rettslege tenester og dårleg tilgang til fri rettshjelp stadig hinder for at enkeltmenneske kan få rettane sine handheva. Desse hindra veks i dyrtida og går ut over den reelle tilgangen til rettssystemet for folk flest.

Å forhindre kriminalitet handlar om trygge og gode lokalmiljø og oppvekstvilkår. SV vil at politiet skal vere der folk treng dei, og leggje vekt på førebyggjande arbeid, slik at dei kan stoppe kriminaliteten før han finn stad. Det er særleg viktig med rask oppfølging i domstolane av ungdommar som gjer seg

Kampen mot vald i nære relasjonar

Det er eit alvorleg samfunnsproblem at mange menneske lever med ulike former for både fysisk og psykisk vald, som overgrep og truslar. Seksuelle overgrep, partnervald og vald og overgrep i nære relasjonar rammar kvinner i langt større grad enn menn. Når menn utøver vald mot kvinner, er det eit samfunnsproblem. Overgrepsutsette opplever å ikkje bli trudde.

skuldige i kriminalitet. Eit uvæpna politi, med punktsikring med våpen på strategisk viktige stader og framskoten lagring er viktig for at folk har tillit til politiet. For å oppnå eit samfunn der det blir gjort få kriminelle handlingar, må vi særleg leggje vekt på etterforsking, slik at risikoen for å bli teken for kriminelle handlingar aukar. Dette gjeld særleg organisert kriminalitet, arbeidslivskriminalitet og økonomisk kriminalitet. Samtidig skal vi ta vare på menneska i systemet og sørgje for at personane som har utført kriminelle handlingar, får den straffa dei skal ha, utan for lang ventetid, og at dei får den oppfølginga dei har rett på.

Eit godt og likeverdig rettssystem føreset at folk kjenner rettane sine og kan gjere krav på dei. SV vil prioritere at fleire skal få fri rettshjelp og billegare advokattenester. Slik kan vi få eit samfunn der alle har rettstryggleik, uavhengig av klasse.

Dette er ei av mange årsaker til at dei færraste overgrepa blir melde, og at valdsutsette ikkje oppsøker hjelp i helsetenesta. Vidare veit vi òg at dei gongene valdtekter blir melde, endar det oftast i bortlegging. Dette er eit likestillingsproblem som må møtast med ein politikk som både hindrar at vald skjer, og samtidig handlar når valden først er ein realitet.

SV vil:

- etablere eit nytt statleg organ med tydeleg tverrsektorielt ansvar for å sikre samordning, langtidsperspektiv og heilskapsforståing i arbeidet mot vald og overgrep
- setje i gang systematiske førebyggingsløft mot alle typar vald og ha valdskoordinatorar i alle kommunane i landet
- løfte krisesentera og sørgje for eit likeverdig tilbod i heile landet
- styrkje innsatsen mot seksuelle overgrep, grov vald og vald i nære relasjonar gjennom auka og øyremerkte løyvingar til politi og påtale

- sikre at alle politidistrikta har eigne seksjonar for etterforsking og påtale av valdtektssaker
- reetablere ein permanent valdtektsseksjon i Kripos
- innføre ei samtykkebasert valdtektslovgjeving («ja tyder ja»)
- gjere eit målretta arbeid inn i skulen mellom anna gjennom å sikre ein tidlegare start med seksualitetsundervisning med vekt på grensesetjing og -respektering, tilby sjølvforsvarskurs for jenter og obligatorisk føredrag for russekull om seksuelle overgrep
- forby strippeklubbar
- styrkje arbeidet mot vald mot kvinner på digitale plattformer, mellom anna gjennom nettpornofilter
- styrkje ordninga med omvend valdsalarm
- auke støtta til organisasjonar i sivil samfunn som jobbar mot vald og overgrep mot kvinner, barn og sårbare grupper
- sikre at også kjærastar og personar som har barn saman, blir omfatta av lovparagrafen om mishandling i nære relasjonar
- redusere eller fjerne butidskravet med ektefelle for valdsutsette kvinner, for å hindre at kvinner blir verande i valdelege forhold i redsel for å ikkje få opphaldsløyve
- ha førebygging retta mot personar som har opplevd å bli valdtekne, og dermed er særleg utsette for nye overgrep, gjennom auka kompetanse om kor utsett gruppa er, auka kompetanse om sårbarheit og tilbod om oppfølging for personar som har opplevd å bli valdtekne, fordi dei er særleg sårbare for å bli utsette for nye overgrep
- sikre eit hjelpetilbod for personar som har gjort seg skuldige i valdtekt og annan seksuell vald
- innføre eit innhaldsfilter på alle nettbretta og PC-ane til skulen som mellom anna blokkerer sider med pornografisk innhald
- styrkje kompetansemiljø på æresrelatert vald og negativ sosial kontroll i politiet, skular og andre offentlege instansar i førstelinja, inkludert eit auka tal mangfaldsrådgjevarar i vaksenopplæringa

Styrkje rettstryggleiken

Rettstryggleiken har historisk sett vore skeivt fordelt når det gjeld kven som blir utsette for kriminalitet, statlege overgrep og justismord, og kven som har tilgang til rettshjelp. Store delar av institusjonane til rettsstaten er underfinansierte, og kor mykje pengar ein har, kan avgjere om rettar blir tekne omsyn til eller skyvde til side. Tronge budsjett for kriminalomsorga har over tid svekt rehabiliteringa av innsette og forverra arbeidsforholda til tilsette.

Rettsstaten skal verne og hjelpe alle, uavhengig av økonomisk bakgrunn. For å unngå meir

innlåsing og isolasjon vil vi styrkje bemanninga, ruste opp fengsel og sikre fleire innsette eit tilbod om rusmeistring. Vi vil styrkje budsjetta til heile straffesakskjeda – politi, påtale, domstolar og kriminalomsorga – for å sikre at kriminalitet og rehabilitering blir handtert raskt og med god kvalitet. Sidan staten har fått mange fullmakter under tillit frå folket, er det avgjerande at rettstryggleiken er sterk. SV vil styrkje rolla til Sivilombodet som kontrollør av offentlege styresmakter. I tillegg må det leggjast til rette for at organisasjonar og folk lettare kan bringe saker mot staten inn for domstolane.

SV vil:

- styrkje tilgangen og omfanget av fri rettshjelp, ha gratis førstelinjeteneste for rettshjelp, styrkje dei frivillige rettshjelpiltaka og sikre video- og lydopptak frå rettssalane. Vi vil auke timetalet og salærsatsane for fri rettshjelp.
- få ned prisane på rettslege tenester. Det er nødvendig med eit øvre tak for kor mykje som kan krevjast dekt av advokatkostnader frå motparten.
- endre regelverket for menneske med gjeld og inkassosaker, slik at det blir fleire vegar ut for dei som har betalingsproblem. Vi vil òg styrkje rolla til Finanstilsynet som kontrollorgan for inkassobransjen.
- ha ein gjennomgang av det totale straffenivået, med mål om å senke det
- styrkje lågtryggingsfengsla og alternative soningsmåtar. Målet vårt er minst mogleg kriminalitet, så derfor vil vi bruke dei soningsformene som til kvar tid fungerer best.
- sikre forsvarlege forhold i norske fengsel, med eit særleg blikk på kvinnelege innsette og dei som høyrer til éin eller fleire minoritetar. Dette krev auka bemanning, auka kompetanse blant tilsette, styrkt helse- og omsorgstenester og auka psykiatrisk helsehjelp.
- auke grunnbemanninga i fengsla for å sikre forsvarleg drift, som vil bidra til unødvendig bruk av tvang
- utvide bruken av soning med elektronisk kontroll. Rusbrukarar må i auka grad få gjennomføre straff i behandlingsinstitusjon.
- knyte forenkla førelegg og bøter til inntekta og betalingsevna til folk
- styrkje tiltak som gjev ungdommar som er utsette for rekruttering til kriminelle miljø, ein veg ut, som Utekontakten og avhopparprogram

- styrkje tiltak i kriminalomsorga som forhindrar rekruttering og radikaliserings under fengselsopphaldet
- styrkje barnehusa og sikre at mistenkte barn på opptil 18 år får tilrettelagde avhøyr, og at dei blir følgde opp og tekne hand om på ein meir heilskapleg måte
- arbeide for at det blir innført ei kvitteringsordning i alle norske politidistrikt etter modell frå pilotprosjektet i Oslo, der politiet registrerer kven dei kontrollerer, og når dei gjer det, under ID-kontrollar
- auke støtta til organisasjonar som sikrar rettshjelp eller på andre måtar tek hand om rettstryggleiken
- handheve sexkjøpslova. Vi vil etablere exit-tiltak for menneske som lever i prostitusjon. Offer for menneskehandel skal få lovleg opphald i Noreg. Vi vil gje menneske som lever i prostitusjon, offerstatus i sexkjøpssaker.

Økonomisk kriminalitet og arbeidslivskriminalitet

Om økonomisk kriminalitet og arbeidslivskriminalitet blir nedprioritert, er konsekvensen at kriminelle kan sleppe unna med grov utnytting av medmenneske, samfunnet vil tape skatteinntekter, og useriøse bedrifter kan utkonkurrere dei seriøse aktørane. For mange kriminelle miljø er bedrageri og svindel den desidert største inntektskjelda. Dermed bidreg denne typen

kriminalitet til å underminere heile den norske samfunnsmodellen. Det svekkjer grunnmuren vi står på.

Styresmaktene har eit ansvar for å forhindre klassejustis – ved å sørgje for at politiet prioriterer økonomisk kriminalitet og arbeidslivskriminalitet mykje høgare enn dei har gjort til no.

SV vil:

- gje Arbeidstilsynet utvida rolle i oppfølging av arbeidslivskriminalitet og dermed auka ressursar
- løyve meir ressursar til innsatsen mot økonomisk kriminalitet, skattesvik, kvitvasking og korrupsjon
- styrkje kompetansen og auke ressursane for kamp mot miljøkriminalitet i politiet og Økokrim
- innføre krav om landsdekkjande tariffavtale ved offentlege anbod
- utvide sanksjonsmoglegheitene for økonomisk kriminalitet, mellom anna ved å styrkje omfanget av inndragingsteam





sv.no

For dei mange, ikkje for dei få

